



Norske innsette: Utdanning, arbeid, ønske og planar

Ole Johan Eikeland

Eikeland forskning og undervising

Terje Manger

Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen

Arve Asbjørnsen

Institutt for biologisk og medisinsk psykologi, Universitetet i Bergen

Alle er medlemmer av Forskningsgruppe
for kognisjon og læring (BCLG)

Fylkesmannen i Hordaland

Kopiering er ikkje tillate utan avtale med den som har opphavsretten

ISBN 978-82-92828-44-1 (trykt)

ISBN 978-82-92828-45-8 (PDF)

Formgjeving omslag: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com

Trykk og layout: Netprint AS

Norske innsette:

Utdanning, arbeid, ønske og planar

Ole Johan Eikeland

Eikeland forskning og undervising

Terje Manger

Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen

Arve Asbjørnsen

Institutt for biologisk og medisinsk psykologi, Universitetet i Bergen

Alle er medlemmer av Forskingsgruppe for kognisjon og læring (BCLG)

Føreord frå Fylkesmannen

Rapporten «*Norske innsette: Utdanning, arbeid, ønske og planar*» byggjer primært på ei datainnsamling i norske fengsel hausten 2015. Rapporten er den andre i ein serie på fleire rapportar frå denne datainnsamlinga.

Opplæring er eit viktig bidrag inn i kriminalomsorga og det kan ha avgjerande betydning for den einskilde innsette sine sjansar i seinare utdannings- og arbeidsliv. Dei fleste vil slutte seg til påstanden om at utdanning er blant dei, eller kanskje det mest verksame bidraget til gode sosiale liv og til samfunnsdeltaking.

I Noreg blir det gitt opplæring i alle landets fengsel og alle fylkeskommunane har såleis ansvar for fengselopplæring. Denne rapporten handlar om kva erfaringar innsette har med arbeid og utdanning, både før fengslinga og under fengslinga, og korleis det påverkar kva dei ynskjer og vel mens dei er innsette. Om lag 60 % av dei innsette har rett på opplæring (opplæringslova). Fylkesmannen i Hordaland er viss på at rapporten vil vere eit viktig grunnlag for arbeidet ved alle dei vidaregåande skolane, og bidra til at det blir gitt gode opplæringstilbod til alle innsette som finn vegen til skulebenken.

Vi skuldar forskarane frå Forskningsgruppa for kognisjon og læring (BCLG) ved Universitetet i Bergen og Eikeland forskning og undervising stor takk for arbeidet. Vi ønskjer óg å takke dei som administrerte undersøkinga i fengsla og alle innsette som svarte på spørjeskjema.

Bergen, september 2016

Anne K Hjermand
utdanningsdirektør

Føreord frå forfattarane

Datainnsamlinga som denne rapporten byggjer på er gjennomført av *Forskningsgruppa for kognisjon og læring* ved Det psykologiske fakultetet, Universitetet i Bergen, saman med Eikeland forskning og undervising. Undersøkinga er gjennomført etter oppdrag frå Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland. Utdanningsavdelinga har, etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, nasjonalt ansvar for opplæringa innanfor kriminalomsorga i Noreg, og forvaltar tilskotet til denne opplæringa.

Vi takkar seniorrådgjevar Paal Chr. Breivik, seniorrådgjevar Terje Røstvær og seniorrådgjevar Cecilie Torsvik Høisæter hos Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei førebudde og administrerte arbeidet med utsending av spørjeskjema og oppretta kontakt med nøkkelpersonar i alle fengsla. På denne måten sikra dei at ein person i kvart fengsel var ansvarleg for gjennomføringa av undersøkinga i sitt fengsel. Utan ei slik tilrettelegging ville det vore umogleg å gjennomføra undersøkinga innan ein så kort tidsperiode som det vart lagt opp til. Vi rettar takk til alle dei som administrerte undersøkinga i fengsla, og ikkje minst takkar vi alle innsette som svara på spørjeskjemaet.

Forfattarane er åleine ansvarlege for innhaldet i rapporten, og dermed også for eventuelle feil og manglar.

Bergen, 19. september, 2016

Ole Johan Eikeland

Terje Manger

Arve E. Asbjørnsen

Innhold

Føreord frå Fylkesmannen	5
Føreord frå forfattarane	7
Tabelloversikt	11
Figuroversikt	13
Summary	15
Hovudfunn	17
I. Innleiing	19
Hjelper utdanning?	19
Rett til utdanning	19
Innhaldet i opplæringa i kriminalomsorga	20
Undersøkingane i norske fengsel 2004 til 2012	21
Utdannings- og arbeidsøynsle	21
Utdanningsaktivitet i fengsel	22
Utdanningsønske	23
Innsette si vurdering av opplæringa	24
Eigavurdering av kompetanse og lærevanskar	24
Problemstillingar i rapporten	25
II. Undersøkinga	27
Respondentane	27
Instrument	27
Prosedyre	28
Kjenneteikn ved dei innsette i undersøkinga	28
Om rapporten	30
Fullført vidaregåande opplæring	31
III. Kompetanse	33
Utdanningsbakgrunn	33
Arbeidsøynsle	37
IV. Aktivitet i fengslet	41
Utdanningsaktivitet	41
Rett til opplæring	49
Andre aktivitetar i fengsel	51
Oppløving av utdanning og rådgjeving i fengslet	51
Planar etter soning	53
V. Utdanningsønske	55
Ønske i fengslet	55

VI. Sjølvvurdering av dugleik	61
VII. Sjølvvurdering av lærevanskar	65
VIII. Oppsummering og drøfting	69
Praktiske følger for utdanning i fengsel	72
Appendiks	75
Spørjeskjema	75
Litteraturreferansar	83

Tabelloversikt

Tabell II.1.	Fordelinga av innsette etter kjønn, aldersgrupper, fengselsregion og tryggningsnivå i fengslet med utgangspunkt i fengslingsgrunnlag	29
Tabell II.2.	Utviklinga i bruk av elektronisk kontroll (EK) i kriminalomsorga.	30
Tabell III.1.	Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring i 2009, 2012, 2015	34
Tabell III.2.	Høgaste fullførde utdanning i Noreg totalt, frå 1970 til 2015.....	35
Tabell III.3.	Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring etter aldersgrupper.	36
Tabell III.4.	Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring etter kjønn.....	37
Tabell III.5.	Prosent norske innsette med ulike typar arbeidsrøynsle	38
Tabell III.6.	Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter aldersgrupper	38
Tabell III.7.	Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter kjønn	39
Tabell IV.1.	Prosent innsette og utdanningsaktivitet i fengslet	41
Tabell IV.2.	Utdannings- eller opplæringsnivået som dei innsette tar i fengsel etter kva nivå dei allereie har fullført. 2015.....	43
Tabell IV.3.	Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter aldersgrupper	44
Tabell IV.4.	Prosent innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter kjønn	45
Tabell IV.5.	Prosent innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter fengslingsgrunnlag	45
Tabell IV.6.	Prosent innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt før dom).....	46
Tabell IV.7.	Prosent innsette som heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet etter kor langt dei var komne i soningsløpet (utan innsette i varetekt før dom). 2015.....	47
Tabell IV.8.	Tid brukt på opplæringsaktivitet pr. veke. Prosent berre av dei som heldt på med utdanning eller opplæring fengslet.....	49

Tabell IV.9.	Prosent innsette med og utan rett til vidaregåande opplæring (vgo) etter når dei var fødde, og delt opp etter opplæringsaktiviteten i fengslet.....	50
Tabell IV.10.	Tid brukt på tre aktivitetstypar pr. veke.....	51
Tabell IV.11.	Innsette si oppleving av utdanninga eller opplæringa i fengslet etter kva utdannings- eller opplæringsaktivitet som dei heldt på med	52
Tabell IV.12.	Innsette si oppleving av utdanninga eller opplæringa i fengslet etter kva utdanningsaktivitet dei heldt på med.....	53
Tabell IV.13.	Dei innsette sine planar etter soning etter om dei heldt på med arbeid, opplæring eller begge delar i fengslet	54
Tabell V.1.	Innsette sine utdanningsønske i fengslet etter domsgrunnlag.....	55
Tabell V.2.	Innsette sine utdanningsønske i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt utan dom).....	56
Tabell V.3.	Prosent innsette sitt utdanningsønske i fengslet etter aldersgrupper	57
Tabell V.4.	Innsette sitt utdanningsønske i fengslet etter kjønn	58
Tabell V.5.	Prosent innsette sine utdanningsønske i fengslet etter tre grunnar til at dei ikkje heldt på utdanning.....	59
Tabell VI.1.	Dei innsette sine sjølvvurderingar av dugleik i lesing, skriving, rekning, bruk av ikt og munnleg.....	61
Tabell VI.2.	Dei innsette sine sjølvvurderingar av dugleik i lesing, skriving, rekning, bruk av ikt og munnleg framstillingsevne	62
Tabell VII.1.	Dei innsette sin sjølvrapporterte grad av vanskar i lesing, skriving og rekning	65
Tabell VII.2.	Prosent innsette med sjølvrapporterte lese-, skrive- eller reknevanskar etter alderskategori.....	66

Figuroversikt

Figur IV.1. Prosent innsette som heldt på med opplæring i fengslet og prosent innsette som var innanfor 2/3 av soningsløpet sitt etter domslengde, men utan dei som sa at dei nettopp hadde starta soninga. 2015. 48

Summary

Training and education for those in prison constitute an important aspect of adult learning. A fundamental principle of Norwegian prison policy states that prisoners should have the same access to social and educational services as other citizens. The Educational Act recognizes the right of all to basic schooling, and teenagers and adults who have completed compulsory school have a right to three years of upper secondary education. Adults also have the right to «second chance» or supplementary basic education and/or special education. Education is provided in all prisons in Norway.

In order to establish a knowledge base directed towards actors in both policy and practice, and also help prioritize resourcing for prisoner education and training, research has been carried out to determine the educational needs of the Norwegian prison population. This report outlines Norwegian prisoners' educational background and employment experience, educational participation while incarcerated, educational preferences and wishes. The prisoners' level of education is compared to the general population in Norway. The findings are related to both gender, age and length of sentence.

The study was approved by the Privacy Ombudsman for Research and additional approval was granted from the prison authorities and the Ministry of Justice and Public Security. It was carried out during one week in October 2015. All prisoners with Norwegian citizenship in all Norwegian prisons were invited to participate. At the time of the study, there were a total of 2 619 prisoners with Norwegian citizenship. Data were collected by means of a questionnaire, 1 475 completed and returned it. This constituted a response rate of 56.3 per cent. Women accounted for 5.9 per cent of the prison population when data was collected, and 5.4 per cent of the study population. The average age of the respondents was 37 years. Prisoners with reading or writing difficulties received help to complete the questionnaire, if necessary. All questionnaires were returned anonymously.

Approximately one per cent of the Norwegian population has no completed education at all; this applied to 8.0 per cent of the prisoners in the 2015 study. Of those prisoners who *have* completed education, a little less than the half (49.4 per cent) have primary or secondary school as their highest completed education level, compared to 26.9 per cent of the Norwegian population in 2015. Moreover, 40.9 per cent of the Norwegian population has completed upper secondary school; this accounts for 36.9 per cent of the prisoners. In 2015 32.2 per cent of the Norwegian population had completed university education (whatever level); this applied to 13.8 per cent of the inmates. There are no significant differences between males and females in completed education level. Only 23.9 per cent of the inmates below the age of 25 have completed upper secondary education.

Almost three out of four inmates wish to participate in education while incarcerated; men some more than female prisoners. Most of them wish to attend upper secondary level or single independent courses. The longer the sentence, the more inmates wish to take upper secondary or university education. Age correlates negatively with both participation and education wishes. Single independent courses or upper secondary

education are the most attended educational activities among Norwegian prisoners. The 2015 study shows that only 43 per cent of the inmates participated in education while incarcerated, a decrease since the 2012 study (53.6 per cent).

A larger number of younger than older inmates self-reported difficulty in reading, writing and arithmetic. However, 6.1 per cent reported difficulty to a great extent in reading; 7.7 per cent in writing; 14.2 per cent in arithmetic. Female prisoners reported less difficulty than males in reading and writing. The percentage reporting difficulty to a great extent in arithmetic was equal, also in 2015.

In Norway, attending upper secondary school (three or four years) is a legal right which has to be completed before the age of 25, otherwise special rules and legal rights concerning adult education are applied. Among prisoners in that age group, as many as 28.4 per cent were eligible, but did not participate in that activity while incarcerated.

Prisoners participating in education activities reported to be satisfied with the teaching and education provided (74.1 per cent were satisfied): those participating in upper secondary education were more satisfied than those in university or college studies.

Hovudfunn

Denne rapporten byggjer på ei undersøking av innsette i fengsel i Norge med norsk statsborgarskap i veke 43 i oktober 2015. Berre innsette over 18 år er med. Føremålet var å gje eit samla bilete av innsette sin utdanningsbakgrunn, utdanningsaktivitet som innsett og utdanningsønska deira. Dette blir sett i høve til dei tidlegare undersøkingane av innsette og utdanning i 2004, 2006, men særleg undersøkingane frå 2009 og 2012. I tillegg har vi undersøkt dei innsette si røynsle frå arbeidslivet.

Fjorten hundre og syttifem innsette svarde på spørjeskjemaet. Dette gjev ein svarprosent på 56,3 av dei som fekk skjemaet 19. til 26. oktober i 2015. Nedanfor er dei viktigaste funna samanfatta. (Grunnlaget for prosentrekninga kan vera ulikt for det som dei ulike kulepunkta viser. Det er derfor viktig å sjå denne oppsummeringa i samanheng med tabellane i rapporten.)

- 8,0 prosent innsette har ikkje fullført grunnopplæringa.
- 49,4 prosent innsette og 26,9 prosent av innbyggjarane i Noreg har grunnskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 36,9 prosent innsette og 40,9 prosent av innbyggjarane i Noreg har treårig vidaregåande opplæring som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 13,8 prosent innsette og 32,2 prosent av innbyggjarane i Noreg har enkeltfag eller grad frå universitet eller høgskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 15,3 prosent av alle innsette har fullført første året vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 15,7 prosent av alle innsette har fullført to år vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 23,4 prosent av alle innsette har fullført treårig vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 5,9 prosent av alle innsette har fagskuleutdanning.
- Av dei som svarde var 5,4 prosent kvinner. Kvinner i fengsel har i litt mindre grad fullført vidaregåande opplæring enn menn.
- 63,4 prosent innsette under 25 år har ikkje fullført treårig vidaregåande opplæring.
- 43,0 prosent innsette tar utdanning/opplæring i fengslet; i 2012 var talet 53,6 prosent.
- 72,9 prosent innsette har utdanningsønske i fengslet; i 2012 var talet 80,9 prosent.
- Ein litt lågare del kvinner enn menn har utdanningsønske i fengslet, slik det også var i 2012.

- 38,3 prosent innsette over 44 år har ingen utdanningsønske i fengslet, klart fleire enn i 2012 (29,3 prosent).
- 11,6 prosent innsette har ikkje hatt arbeid, klart fleire enn i 2012 (6,7 prosent).
- 54,7 prosent innsette som har hatt arbeid, har hatt ufaglært arbeid.
- 58,4 prosent innsette seier at dei ikkje opplever vanskar med lesing; 51,4 prosent seier at dei ikkje opplever vanskar med skrivning; 34,8 prosent opplever ingen vanskar i rekning.
- 6,1 prosent av innsette rapporterer å ha lesevanskar i 'svært stor grad'; 7,7 prosent opplever skrivevanskar i 'svært stor grad'. Kvinner rapporterer i mindre grad enn menn slike vanskar.
- Innsette eldre enn 44 år har ein mindre del med lese- eller skrivevanskar enn dei som er yngre.
- 14,3 prosent innsette rapporterer at dei har reknevanskar i 'svært stor grad'. Menn har i mindre grad enn kvinner slike vanskar.
- 28,4 prosent av innsette som er 24 år eller yngre har rett til vidaregåande opplæring, men held ikkje på med det.
- 28,5 prosent av innsette over 24 år vil kunna få rett til vidaregåande opplæring om dei søker om det.
- 59,7 prosent av alle innsette har rett til vidaregåande opplæring (dvs. inkludert dei over 24 år som vil kunna få det om dei søker).
- 9,6 prosent innsette som er 24 år eller yngre har ikkje fullført grunnopplæring; omtrent halvparten av desse held på med grunnopplæring i fengslet.
- 74,1 prosent innsette er nøgde med opplæringa eller utdanninga i fengslet. Innsette som held på med vidaregåande opplæring er mest nøgde. Minst nøgde er dei som held på med høgskule- eller universitetsutdanning.

I. Innleiing

Melding til Stortinget (2015-2016) - *Fra utenforskap til ny sjanse. Samordnet innsats for voksnes læring* – handlar om utanforskap, meint som å stå utanfor arbeidsliv og utdanning. I meldinga understrekar regjeringa at kompetanse er viktig for å få tilgang til arbeidslivet. Det heiter vidare at arbeidslivet samstundes er ein viktig arena kor den einskilde kan få brukt ressursane sine, oppleve meistring og delta i opplæring og kompetanseutvikling. Denne rapporten handlar om innsette i fengsel, ei av dei gruppene i samfunnet som har svakast kompetanse og minst tilknytning til utdanning og arbeidsliv. Rapporten handlar i hovudsak om deira utdanningsbakgrunn, utdanningsønske, utdanningsaktivitet og pedagogiske utfordringar, men òg om dei innsette si tidlegare deltaking i arbeidslivet og framtidige planar.

Hjelper utdanning?

Over 80 prosent av dei innsette ønske å ta utdanning i fengsel i følgje undersøkinga av innsette i 2012 (Eikeland, Manger og Asbjørnsen, 2013), og dei ønske først og fremst å ta utdanning for å få seg eit arbeid eller halda fram i arbeidet dei hadde før fengsling. Ein hovudmotivasjon for å ta utdanning i fengsel er å skaffa seg eit yrke og ei betre framtid (Manger, Eikeland og Asbjørnsen, 2016). Slike ønske og slik motivasjon indikerer at tilrettelegging for utdanning av innsette er ein vinn-vinn-situasjon: For individet aukar livskvaliteten, og risikoen for tilbakefall til kriminalitet blir redusert. For samfunnet inneber det store kostnadsreduksjonar. I ein systematisk gjennomgang av forskingslitteratur om effekten av utdanning under soning, fann Davis og medarbeidarar at eit utdanningsprogram i fengsel er kostnadseffektivt når det reduserer tilbakefall til kriminalitet med mellom 1,9 og 2,6 prosent dei første tre åra etter soning (Davis mfl., 2014). Den same litteraturgjennomgangen og metaanalysar forskarane har gjort viser at reduksjonen i tilbakefall er 13 prosent for dei som tek utdanning i fengsel (metaanalysar er når ein brukar statistiske teknikkar til å summere resultatata frå fleire einskilde undersøkingar). Dette viser at eitt av styresmaktene sine hovudføremål med utdanning, å redusera kostnadene ved kriminalitet, kan oppfyllest gjennom utdanning under soning.

Retten til utdanning

Dei innsette sine rettar til utdanning er regulerte av lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), straffegjennomføringslova og internasjonale konvensjonar og tilrådingar. Både i opplæringslova og straffegjennomføringslova blir det slått fast at innsette har lik rett til utdanning som folk elles i Noreg. I følgje opplæringslova har alle innbyggjarane rett og plikt til grunnskuleopplæring. Alle som har fullført grunnskulen har, i følgje det som blir kalla ungdomsretten, rett til vidaregåande opplæring til og med det året dei fyller 24 år. Vaksne som ikkje har brukt denne retten og som har fullført grunnskulen eller tilsvarande, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring frå og med det året dei fyller 25 år. Vaksne har òg rett til fornøye grunnskuleopplæring, rett til

spesialundervisning og rett til realkompetansevurdering. I straffegjennomføringslova er dei innsette sine sivile rettar fastsette. Dette blir presisert i forskriftene til lova, som seier at domfelte og varetektsfengsla har same retten til tenester og tilbod og dei same pliktene og ansvar som folk elles i samfunnet. Kriminalomsorga skal gjennom samarbeid med andre offentlege etatar leggja til rette for at domfelte og innsette i varetekt får dei tenester som lovgivinga gir dei krav på (§4). Internasjonalt har medlemsstatane i SN og Europarådet forplikta seg til å følgja opp dei konvensjonane og tilrådingane som dei har vore med å vedta. Til dømes har dei nordiske landa inkorporert Den europeiske menneskerettskonvensjonen i lovverket sitt.

Retten til opplæring er framheva i stortingsmeldinga om opplæring i kriminalomsorg og stortingsmeldinga om straffegjennomføring. I stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) *Om opplæringa innanfor kriminalomsorga «Enda en vår»*, blir det understreka at målet for opplæringa innanfor kriminalomsorga er det same som for all anna utdanning. Ei godt tilrettelagt opplæring er del av vellukka rehabilitering, og er difor ei investering for framtida, heiter det. Ikkje minst understrekar departementet at opplæring er god samfunnsøkonomi. I stortingsmelding 37 (2007-2008), *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* (kriminalomsorgsmeldinga), heiter det at god opplæring er eitt av dei viktigaste verkemidla for å få straffedømde til å meistra livet etter avslutta soning og at det er eit viktig kriminalitetsførebyggjande tiltak. I meldinga blir det lagt vekt på at den einskilde sine behov for og ønske om utdanning så langt det er mogleg skal vera utgangspunkt for kva skulen tilbyr, og at opplæringa i fengsel skal ha same høge kvaliteten som i samfunnet elles.

Innhaldet i opplæringa i kriminalomsorga

Opplæringa i kriminalomsorga følgjer den såkalla *importmodellen* (Christie, 1970). Det vil seia at dei tenestene som har ansvaret ute i samfunnet, også kjem inn i fengsla. Skulen i fengslet er såleis ein avdeling av den ordinære skulen ute i samfunnet, og lærarane som underviser i fengsel er tilsette i det ordinære skuleverket. Langelid (2015) skriv at importmodellen, eller forvaltningssamarbeidet, som no er den formelle nemninga, inneber at fengslet som institusjon har blitt meir ope og synleg for samfunnet omkring.

Opplæringa i kriminalomsorga og det lovverket som regulerer opplæringa gjer det mogleg å oppretta varierte undervisningstilbod i fengsel. Det er likevel berre grunnskuleopplæring, vidaregåande opplæring og ein del spesifikk språkopplæring for innvandrarakar som lova pålegg styresmaktene å gjennomføra (Grønning, 2015). Utanom dette kan innsette delta i universitets- eller høgskuleutdanning, der dei anten kan studera på eiga hand eller få høve til å delta i einskildkurs eller heile program på studiestaden. Fengsla prøver òg uformelt, alt etter kva kompetanse personalet har, å leggja til rette for sjølvstudium, eventuelt hjelpa dei innsette med faga.

Som del av opplæringa i kriminalomsorga kan innsette òg ta ulike yrkesfaglege kurs, kor dei kan oppnå skriftleg stadfesting (sertifikat) frå til dømes eit offentleg organ på at dei har dei naudsynte kvalifikasjonane. Utanom denne formelle ordninga tilbyr opplæringa også ei rekke uformelle læringsaktivitetar, til dømes innanfor kunstfag, som ikkje fører til sertifikat. I undersøkinga vår vil vi fanga inn breidda i opplæringa, men skilja mellom dei formelle utdanningane og korte kurs.

Undersøkingane i norske fengsel 2004 til 2012

Undersøkinga som denne rapporten omhandlar, er den femte i ei rekkje av tilsvarande landsomfattande undersøkingar i norske fengsel i 2004, 2006, 2009 og 2012 (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland, Manger og Diseth, 2006; Eikeland, Manger og Asbjørnsen, 2010; Eikeland, Manger og Asbjørnsen, 2013). Medan undersøkingane i 2004, 2006 og 2009 var gjennomført blant alle innsette, var undersøkinga i 2012 og denne undersøkinga avgrensa til alle norske statsborgarar i fengsel. Ein knapp månad etter at desse data vart samla inn hausten 2015, gjennomførte vi undersøkingar med same spørsmåla til alle innsette frå eit utval land, nemleg Albania, Litauen og Polen. Dei innsette fekk då høve til å svara på spørsmål som var omsette til deira eige språk. Resultat derfrå blir publisert i ein seinare rapport.

Ein del sentrale problemstillingar, til dømes dei som gjeld utdanningsbakgrunn og utdanningsønske, er felles for undersøkingane i 2004, 2006, 2009, 2012 og 2015. Dette gir eit grunnlag for å samanlikna over tid. Mange problemstillingar er likevel særneigne for kvar av undersøkingane. I 2009-undersøkinga tok vi mellom anna inn spørsmål om dei innsette sin arbeidsbakgrunn, og dei svara på spørsmål om ikt-kompetansen sin. Spørsmål om arbeidsbakgrunn hadde vi med både i 2012-undersøkinga og i 2015. I 2012 og i 2015 la vi i tillegg inn meir detaljerte spørsmål om lengda på dommen og kor mykje av denne dommen dei innsette hadde sona. Dette vart gjort fordi utdanningsaktivitet i fengsel, ønske om utdanning og motivasjon for utdanning kan vera påverka av forhold som gjeld dommen. Dei tidlegare undersøkingane har til dømes vist at det er ein klar systematikk i at dess lenger dom, dess større del av dei som sonar held på med utdanning i fengslet (Eikeland mfl., 2010, 2013).

Utdannings- og arbeidsrøynsle

Då vi gjorde undersøkinga i 2012 hadde sju prosent av dei innsette med norsk statsborgarskap ikkje fullført noko skule- eller utdanning (Eikeland mfl., 2013). Til samanlikning var det ein prosent av det norske folket som ikkje har fullført noko utdanning. I 2012 samanlikna vi innsette si høgaste fullførde utdanning med kva som var tilsvarande utdanningsnivå hos det norske folket. Vi brukte då Statistisk sentralbyrå (SSB) sine tal som samanlikningsgrunnlag og byrået sin definisjon av kva som reknast som fullført grunnopplæring, vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Forståeleg nok har innsette klart lågare utdanningsnivå enn det norske folket. Sidan 2009 har likevel utdanningsnivået til dei som sonar blitt høgare. I 2009 hadde såleis 59 prosent av norske innsette berre grunnopplæring som høgaste fullførte utdanning, medan prosenten var 52 i 2012. Prosentdelen innsette med vidaregåande opplæring som høgaste fullførde hadde i same tidsperioden auka frå 29 prosent til 35 prosent. I heile den norske folkesetnaden hadde 28 prosent berre grunnskule som høgaste fullførte utdanning i 2012, medan 42 prosent hadde vidaregåande opplæring som det høgaste fullførte nivået (Eikeland mfl., 2013). Prosentdelen innsette som hadde utdanning på universitet- eller høgskulenivå som høgaste fullførde utdanning gjekk då litt opp, frå vel tolv prosent i 2009 til tretten

prosent i 2012 (desse prosenttala inkluderer både einskildfag og fullført grad). I det norske folket var det 30 prosent som hadde høgare utdanning i 2012.

Då vi i 2012 samanlikna norske innsette i fengsel med folket elles i landet, fann vi at det var ei om lag like stor gruppe innsette med berre grunnopplæringa som høgaste utdanning som det var i Noreg kring 1970. Derimot var gruppa innsette med høgare utdanning prosentvis like stor som gruppa med høgare utdanning i landet var midt på 1980-talet. Sistnemnde samanlikning er likevel ikkje heilt reell. Dei norske innsette hadde då ein gjennomsnittsalder på 36 år, medan den høgare gjennomsnittsalderen i det norske folket gjer at det i sistnemnde gruppe er klart fleire som ikkje har fått ta del i den mykje betre tilgangen til høgare utdanning dei siste tiåra. Hadde vi samanlikna innsette med tilsvarande aldersgruppe i heile folket i Noreg vil dei innsette koma dårlegare ut, også når det gjeld høgare utdanning.

Det var òg ein svak nedgang i prosent norske innsette som ikkje har hatt arbeid, frå ni prosent i 2009 til sju prosent i 2012. I begge desse åra var det ufaglært arbeid som var det vanlege, og her hadde det ikkje skjedd endring. Prosentdelen med arbeid som krev høgare utdanning steig frå åtte prosent i 2009 til elleve prosent i 2012. Det var forståeleg nok klart fleire i dei eldste aldersgruppene som sa at dei hadde hatt arbeid, og prosentdelen med ufaglært arbeid var større i den yngste aldersgruppa. Samla sett ser vi altså at innsette sin utdannings- og arbeidskompetanse har stige jamt i åra vi har gjort undersøkingar i norske fengsel.

Utdanningsaktivitet i fengsel

I 2009 var det 41 prosent av dei norske innsette som heldt på med utdanning (Eikeland mfl., 2010). Dette talet steig til 54 prosent i 2012 (Eikeland, Manger og Asbjørnsen, 2013). Auken var særleg stor på nivået vidaregåande opplæring. Vi tenkte den gongen at auken mellom anna kom av at ein god del personar som tok opp att enkeltfag eller delar av utdanningane sine (fordi dei hadde stroke i noko eller ville forbetra seg), eller dei hadde ikkje fullført grunnopplæringa, men tok vidaregåande opplæring. Blant desse kan det ha vore personar i godt vaksen alder som gjekk på innføringskurs for å oppdatera seg slik at dei kunne ta til på vidaregåande opplæring.

Nesten sytti prosent av dei innsette som i 2012 hadde einskildfag frå universitet eller høgskule heldt då på med utdanning i fengsel. Ein aukande del av dei som sona hadde studiekompetanse, men reformer innanfor høgare utdanning har gjort det vanskelegare å studera utan frammøte på studiestaden. Det er ikkje skulestyresmaktene sitt ansvar å gje opplæring på universitets- eller høgskulenivå i fengsla. I mange fengsel prøver ein likevel å organisere rettleiing for innsette som ønskjer å ta slik utdanning. Dette er ei gruppe innsette som har store behov for tilrettelagte studieforhold, fordi dei har utsikter til å ta fleire emne i ein grad eller byggja på ein bachelorgrad til mastergrad.

I 2009 fann vi at dess lengre dom ein har, dess fleire tok utdanning i fengsel (Eikeland mfl., 2010). Mange av dei unge innsette har korte dommar, og det er eit uheldig paradoks at korte dommar blir eit hinder for å ta utdanning under soning. I 2012 spurde vi meir detaljert om kor lang soningstida var, med «12 år eller meir» som lengste domskategori. Vi spurde også om kor langt dei var komne i soningsløpet

sitt. Denne måten å stilla spørsmål på viste at det både er ein samanheng mellom soningstid og deltaking i utdanning, men også ein samanheng mellom kor lang dei har kome i soninga og deltaking i utdanning. Vi fann at tendensen til å ta utdanning stig fram mot ei soningstid på kring fire til fem år (over 80 prosent med så lang soning utdannar seg), deretter blei prosenten halvert for dei som sonar sju til åtte år, før han igjen steig til kring 80 for dei som sonar meir enn tolv år. Ein annan tendens er også heilt klar: Det er i starten av soningstida (under ein tredel sona) ein i minst grad deltek i opplæring innanfor kriminalomsorga. Den same tendensen, men noko svakare, ser ein i slutten av soningstida (under ein tredel att å sona). Både start og slutt på soning inneber meir uro enn elles i soningsløpet. I starten skal ein venja seg til nye forhold (i alle fall dei som ikkje er vane med å sona) og ein har gjerne ekstra vonde tankar å stri med etter lovbrøt og innesperring. På slutten av soninga står ein overfor ein endra livssituasjon, gjerne prega av både håp, uro og tvil om kva framtida vil føra med seg. I begge desse overgangsfasane kan utdanning i fengsel bli nedprioritert.

Medan det i 2009 var dei yngste og dei eldste som i minst grad tok del i opplæring innanfor kriminalomsorga, såg vi i 2012 ei klar endring: Det var innsette i dei to yngste aldersgruppene som oftast tok utdanning i fengsel. For begge grupper var det tredje året (eller meir) i vidaregåande opplæring som representerer den klaraste auken. Dette såg vi på som ei svært gledeleg utvikling.

Utdanningsønske

Over åtti prosent av dei norske innsette ønskte i 2012 å ta utdanning i fengsel, medan tilsvarende tal for 2009 var 67 prosent. Det var ein markert reduksjon frå 2009 til 2012 i prosentdelen i dei yngste aldersgruppene som *ikkje* ønskte utdanning. Også utdanningsønske har ein klar samanheng med soningslengda: Det var i 2012 dei med lengst dom som i størst grad ønskte seg utdanning i fengsel. I denne gruppa fann ein også dei som klart oftast ønskte universitets- eller høgskuleutdanning. Her skal ein likevel merka seg at blant dei med kortast dom i 2012 var det berre ein av tre som ikkje ønskte seg utdanning, medan det i 2009 var meir enn halvparten i den tilsvarende aldersgruppa som sa dei ikkje hadde slikt ønske. Det var tre år med vidaregåande opplæring som stod høgast på ønskelista blant dei med kortast dom.

Bak den høge prosenten innsette som ønskjer å ta utdanning ligg nok varierte grunnar. Mange ønskjer å fullføra utdanning dei har starta på, og undersøkingane våre viser at yrkesfagleg vidaregåande opplæring er det som kjem høgast på ønskelista (Eikeland mfl., 2006, 2009, 2012). Ein god del innsette som allereie har fullført utdanning på eitt nivå ønskjer nok å ta utdanninga eller deler av ho om att. Grunnen kan vera at dei vil forbetra resultatane, eller at dei, særleg for vidaregåande yrkesfagleg opplæring, ønskjer ei utviding av den utdanninga dei har. Mange av dei innsette som har ein skildfag på universitet eller høgskule ønskjer å ta meir slik utdanning. Dette er forståeleg, fordi dei dermed kan samla fag til ein grad. Vi har også sett i tidlegare undersøkingar at det er omlag like stor prosentdel som allereie har ein grad som ønskjer meir av slik utdanning. Forklaringa kan vera at dei ønskjer å utvida frå lågare til høgare grad, eller at dei finn at den beste måten å utnytta soningstida på er å sikta mot enno eit fag eller ein grad.

Innsette si vurdering av opplæringa

Undersøkingane i både 2009 og 2012 viser at det berre er eit mindretal innsette som er misnøgde med undervisninga/opplæringa dei får. Elevane si positive vurdering av opplæringa samsvarer med funn i tidlegare nordiske undersøkingar (Claesson & Dahlgren, 2002; Eikeland mfl., 2008; Lindberg, 2005) og med undersøkingar i USA (Gee, 2006; Moeller, Day & Rivera, 2004). I både 2009 og 2012 var det ein viss tendens til at dei som heldt på med vidaregåande opplæring var mest nøgde. Dei som heldt på med grunnopplæring i 2012 var minst nøgde. Dinest kom dei som var i gang med høgare utdanning, sjølv om det i 2012 var færre enn i 2009 som var direkte misnøgde. Dei meir negative resultatane for innsette med grunnskuleopplæring reflekterer gjerne at denne opplæringa gjeld få elevar og såleis er mindre prioritert i fengslet. I og med at det ikkje er skulestyresmaktene i fengsla sitt ansvar å gje opplæring på universitets- eller høgskulenivå, står denne gruppa studentar overfor store utfordringar. Det kan forklara kvifor dei er mindre nøgde enn dei som tek vidaregåande opplæring. Utdanningsinstitusjonane deira har berre i avgrensa grad (og noko tilfeldig) samarbeid med kriminalomsorga og opplæring innanfor kriminalomsorga.

Trass i at dei innsette jamt over evaluerer opplæringa i kriminalomsorga som god, viser dei tidlegare undersøkingane i Noreg og i Norden at det er fleire forhold som skapar vanskar for utdanninga mange er i gang med. I den nordiske undersøkinga (Eikeland mfl., 2008) meinte dei innsette at mangel på ikt-utstyr i stor grad skapte vanskar for dei i utdanninga. Resultatane frå den norske delen av denne undersøkinga viser at dei som har lærlingkontrakt og dei som tek gradsutdanning ved universitet eller høgskule er signifikant mindre nøgde med tilgangen på datautstyr enn dei andre innsette. I undersøkinga frå 2012 vart spørsmålet om ikt stilt på ein annan måte. Svarene viser at nær 40 prosent av dei som tok grunnopplæring og kring ein tredel av dei som tok dei to første åra av vidaregåande opplæring opplever at ikt ikkje blir brukt aktivt i opplæringa. Undersøkingar frå USA viser òg at sjølv om dei innsette evaluerer utdanninga i fengsel som god, ønskjer dei betre datautstyr i klasseromma (Moeller mfl., 2004; Edwards-Willey og Chivers, 2005). Dei same undersøkingane viser òg at dei innsette vil ha fleire bøker og betre bibliotek.

Eigavurdering av kompetanse og lærevanskar

I tidlegare undersøkingar av vanskar, rapporterer omlag førti prosent av dei innsette at dei i *liten* eller *stor* grad opplever å ha vanskar med lesing og skrivning, medan åtte prosent rapporterer å ha svært store vanskar med lesing og skrivning (Eikeland mfl., 2009, 2013). Nesten dobbelt så mange rapporterte å ha dei same gradar av vanskar med rekning, og nær sytten prosent seier at dei har svært store vanskar med dette faget. Basert på tidlegare funn blant innsette (Asbjørnsen, Jones og Manger, 2007; Asbjørnsen, Manger og Jones, 2007) ser vi at det er klar underrapportering av vanskar i lesing. Det er truleg også lite medvit om eiga tilkorkoming i lesing og skrivning. Dette fell inn under det ein kan kalla «selektiv eksponering»: Ein oppsøker i hovudsak situasjonar som passar med kor dugande ein er, og søker å unngå oppgåver som stiller krav ut over det. Dette fører også til «selektiv tilbakemelding».

Sidan ein meistarar den «selektive oppgåva» vil ein også bli styrkt i opplevinga si av at ein er god til å lesa, men når ein blir stilt overfor større objektive krav om dugleik vil sjansen for å meistra vera langt lågare. Underrapporteringa som vi finn støtte for i ein del av undersøkingane våre, har òg støtte i andre undersøkingar. I ei svensk undersøking blei det såleis funne at heile 70 prosent av dei innsette hadde nedsett lesedugleik av eit omfang som kvalifiserer til nemninga lesevanskar (Samuelsson, Gustavsson, Herkner og Lundberg, 2000). Forskarane fann at lesevanskane først og fremst var miljø- og erfaringsbestemt.

Det er gjennomgåande at dei innsette vurderer dugleiken sin i rekning som svakare enn i lesing og skriving, og skrivedugleiken som svakare enn lesedugleiken. Vidare, og i tråd med dette, rapporterer også langt fleire at dei har større vanskar med rekning enn med lesing, og at vanskar i det å skriva blir vurdert til å vera ein stad mellom dei vanskane dei opplever i rekning og lesing. I 2009 konkluderte vi med at dersom desse funna skal omsetjast i praktiske tiltak, er det svært viktig å styrkja det som er grunnleggjande dugleik innanfor alle disiplinane lesing, skriving og rekning. Vi såg det likevel som viktigast å konsolidera dugleiken både i lesing og skriving, for å gje den naudsynte plattformen for vidare opplæring og utdanning.

Problemstillingar i rapporten

Det er fleire føremål med denne rapporten. Dei innsette sin skule- og utdanningsbakgrunn er kartlagt, i tillegg til røynta dei har frå arbeidslivet. Det vil seia at rapporten gir informasjon om kor høg del av den aktuelle populasjonen innsette som har fullført grunnskuleutdanning, vidaregåande opplæring eller fagopplæring og universitets- eller høgskuleutdanning. Vi ønskjer no, som i tidlegare undersøkingar, å vita om respondentane har hatt arbeid før dei vart fengsla og kva kvalifikasjon arbeidet har kravd. Vidare er dei innsette sine utdanningsønske kartlagt. Retten til utdanning krev at ein høyrer på dei innsette sine ønske om skule og utdanning, under og etter soning. Utdanningsaktiviteten i fengsla blir gjort greie for. I samband med det undersøker vi om retten til utdanning blir ivaretatt. Vi viser om dei innsette deltek i utdanning og kva slag utdanning dei tek. Både når det gjeld utdanningsønske og utdanningsaktivitet i fengsel, har vi denne gongen samla inn data om kor lang dom respondentane har og kor langt i soningsløpet dei er komne. Dei innsette har òg vurdert kor godt nøgde dei er med opplæringa innanfor kriminalomsorga. Vi studerer òg kva planar dei innsette har og ser dette opp mot aktiviteten dei har i fengslet, arbeid eller utdanning. Kva hinder dei innsette ser for å ta utdanning eller opplæring i fengslet er publisert i ein eigen rapport (Manger mfl., 2016). Der såg vi nærare på korleis tre av grunnane som dei innsette ser som hinder for å ta utdanning eller opplæring samvarierer med kva dei ønskjer av opplæring. Til sist blir i denne rapporten gjort greie for dei innsette si eigne vurderingar av både kompetanse og lærevanskar, i lesing, skriving, rekning og ikt.

II. Undersøkinga

Respondentane

Undersøkinga av dei norske statsborgarane vart gjennomført i tida 19. til 26. oktober, og alle fengsla i Noreg skulle vera med. Ei undersøking av innsette statsborgarar frå Albania, Litauen og Polen, fann stad i veke 47 i november. (Resultat frå denne undersøkinga blir tatt opp i ein eigen rapport.) Vi følgde framgangsmåten frå tilsvarande tidlegare undersøkingar (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006; Eikeland mfl., 2010; Eikeland mfl., 2013). Alle norske innsette over 18 år som i veke 43 sona dom i fengsel, sat i varetekt eller var under forvaring, var i målpopulasjonen. I praksis er altså dette ei populasjonsundersøking av innsette med norsk statsborgarskap. Nemninga innsett(e) blir brukt om både dei med dom, i varetekt eller som er under forvaring.

I følgje rapportering frå Justis- og beredskapsdepartementet var det 2 619 norske innsette i fengsla på aktuelle tidspunkt som data vart samla inn. Vi fekk inn 1 475 svar, ein svarprosent på 56,3 av målpopulasjonen. Dette er høgare enn undersøkinga i 2012, men litt lågare enn den i 2009. Nokre innsette kan ha vore på permisjon; nokre opptekne utanfor fengslet, så som med rettssaker. Vi har heller ikkje denne gongen brukt ressursar på å henta inn den typen informasjon. Sist vi gjorde det var i 2006-undersøkinga (Eikeland mfl. 2006). Då var det 3,6 prosent av dei innsette som ikkje kunne nåast av ulike grunnar.

Instrument

Spørjeskjemaet (sjå Appendix) vart laga i samråd med ei arbeidsgruppe sett saman av medlemmer frå Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsdirektoratet og Justis- og beredskapsdepartementet ved Kriminalomsorgsdirektoratet. Skjemaet byggjer på tidlegare skjema som vart utarbeidde til dei landsomfattande undersøkingane i 2006, 2009 og 2012. Dei vart laga i samråd med ei arbeidsgruppe, sett saman i samarbeid med Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland. Arbeidsgruppa hadde medlemmer frå Utdanningsdirektoratet, Fylkesmannen i Hordaland, Justis- og beredskapsdepartementet (på aktuelle tidspunkt Justis- og politidepartementet) ved Kriminalomsorgsdirektoratet (på aktuelle tidspunkt Kriminalomsorga si sentrale forvaltning) og VOX – Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk (før Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet). Før undersøkingane i 2006 og 2012 testa vi skjemaet i ei gruppe innsette, og reviderte det deretter. Før undersøkinga i 2015 hadde vi på ny drøftingar om innhaldet i skjemaet i ei arbeidsgruppe sett saman av medlemmer frå Fylkesmannen i Hordaland, Kriminalomsorgsdirektoratet og forskarane. Spørsmål frå dei tidlegare undersøkingane vart gjentekne der det var relevant. Viktige bakgrunnsvariablar, som var med i tidlegare skjema, og som er tatt omsyn til i denne rapporten, er kjønn, alder, utdanningsnivå og lengda på dommen.

Prosedyre

I kvart fengsel fekk *ein* person ansvaret for å administrera datainnsamlinga, helst leiaren for skuleavdelinga. Alle kontaktpersonane vart like før utsending av skjema orienterte via brev og e-post frå Utdanningsavdelinga, Fylkesmannen i Hordaland. På denne måten freista ein å sikra at dei same prosedyrane vart følgde i alle fengsel. Det vart ikkje sendt ordinær purring til dei einskilde som ikkje hadde svart. Fengsel som av ulike grunnar var seine med å senda tilbake utfylte spørjeskjema, fekk likevel ei telefonisk påminning.

Det var inga individuell identifisering av dei einskilde skjema, men dei vart identifiserte med eit nummer for kvart fengsel. Undersøkinga er meldt til Personvernombodet for forskning, Norsk senter for forskningsdata AS. På framsida av spørjeskjemaet vart dei innsette informerte om dette. Der vart det også understreka at det var friviljug å svara og at dei når som helst, utan å gje opp grunn, kunne trekkja seg frå undersøkinga. Dei fekk vita at dette ikkje ville få konsekvensar for dei under gjennomføring av straffa eller varetakta. Vi framheva likevel at det var viktig med høg svarprosent, fordi føremålet med undersøkinga er at innsette skal få rettane til utdanning ivarett og at planlegginga av utdanning under og etter straffegjennomføring skal bli god.

Kjenneteikn ved dei innsette i undersøkinga

Kva som er den eigenlege årsaka til variasjonane i svarprosent i undersøkingane av dei innsette kjenner vi ikkje, men vi ser også variasjon i ein del kjenneteikn ved dei innsette. I 2015-undersøkinga var dei innsette 37,1 år i gjennomsnitt (standardavvik 11,9). Dei er såleis nokså nøyaktig eitt år eldre enn 2012-utvalet. I følge oversyn frå kriminalomsorga var det 5,9 prosent kvinner i norske fengsel i den aktuelle veka undersøkinga fann stad. Dette er omtrent det same som i utvalet (5,4 prosent, sjå tabell II.1). I rapporten deler vi dei innsette inn i aldersgrupper. Samanlikna med 2012-fordelinga så var det ein del færre i den yngste aldersgruppa i 2015 (15,0 prosent mot 20,5 prosent i 2012); fleire i den nest yngste i 2015 (33,3 prosent mot 28,7 prosent i 2012); færre i den nest eldste aldersgruppa (25,0 prosent mot 28,3 prosent i 2012) og fleire i den eldste gruppa, der 26,7 prosent var i 2015 mot 22,0 prosent i 2012. Fordelinga av innsette etter tryggningsnivået er omtrent lik, men med ei lita overvekt av innsette på lågt tryggningsnivå (53,3 prosent). Kjønnsfordelinga blant dei som svarde på undersøkinga er identisk med det som gjaldt heile fangepopulasjonen på dei aktuelle tidspunkta.

Tabell II.1. Fordelinga av innsette etter kjønn, aldersgrupper, fengselsregion og tryggningsnivå i fengslet med utgangspunkt i fengslingsgrunnlag.

	Fengslingsgrunnlag					
	Dom N=1 168	Forvaring N=27	Bøter N=37	Varetekt, før dom N=190	Vartetekt, anka dom N=47	Alle N=1 475*
Kjønn						
Menn	95,0	100	89,2	92,1	95,7	94,6
Kvinner	5,0	0	10,8	7,9	4,3	5,4
Alder						
18 til 24 år	14,7	3,8	18,9	15,3	23,4	15,0
25 til 34 år	32,9	23,1	29,7	39,2	29,8	33,3
35 til 44 år	25,0	30,8	21,6	24,3	27,7	25,0
Over 44 år	27,5	42,3	29,7	21,2	19,1	26,7
Fengselsregion						
Aust	13,8	3,7	24,3	25,3	21,3	15,6
Nord aust	13,5	66,7	13,5	6,8	6,4	13,4
Sør	22,4	7,4	27,0	18,4	23,4	21,8
Sørvest	21,3	7,4	21,6	23,2	34,0	21,7
Vest	14,8	7,4	5,4	17,4	10,6	14,6
Nord	14,1	7,4	8,1	8,9	4,3	12,9
Tryggningsnivå						
Lågt	61,8	22,2	70,3	11,6	14,9	53,3
Høgt	38,2	77,8	29,7	88,4	85,1	46,7
Alle						
	79,2	1,8	2,5	12,9	3,2	(1 475)

* Denne kolonnen gjeld *alle* i undersøkinga. Det treng ikkje vera slik at alle innsette har svart på absolutt alle spørsmål, som kjønn, fengslingsgrunnlag eller alder. Difor kan summen av N for kvart spørsmål variere noko.

I september 2008 sette kriminalomsorga i gang ei prøveordning med elektronisk kontroll (EK) som gjennomføring av straff. Dette er eit alternativ til fengsel. Personar som er dømde til mindre enn fire månaders fengsel kan søkja om EK. Søknaden blir avgjort administrativt av kriminalomsorga. Ein kan òg sona delar av straffa med EK. Ordninga vart fram til 1. mai 2014 gradvis utvida til å gjelda fleire og fleire fylke enn dei seks som det starta med i 2008. Frå mai 2014 vart ordninga landsdekkjande.

Skarøhamar (2013) har vist at personar som får innvilga EK er noko betre stilt sosialt sett enn andre. Det gjeld utdanningsnivået, som er høgare, det er færre av desse

som er på sosial stønad og inntekta deira er høgare enn dei som ikkje får innvilga EK. Det at EK gjeld heile landet frå 2014 kan ha hatt noko å seia for 2015-utvalet. Undersøkinga gjaldt utelukkande til innsette (i fengsel). Grunnlaget for å kunna samanlikne resultat frå 2015-undersøkinga med tidlegare undersøkingar kan såleis ha endra seg, sidan EK ikkje var så utbreidd tidlegare. Uansett er det viktig å understreka at det som gjeld denne undersøkinga, likt tilsvarande undersøkingane som er gjort, er at det dreier seg om innsette i fengsel.

Tabell II.2. Utviklinga i bruk av elektronisk kontroll (EK) i kriminalomsorga. Tal iverksette EK frå 2008 (utvalte fylke frå september av) til 2015 (heile landet frå og med mai i 2014).

Gjennomføringsgrad	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Heilt	60	687	781	920	1 312	1 681	2 461	2 875
Delvis	3	63	93	144	175	208	270	355
Totalt	63	750	874	1 064	1 487	1 889	2 731	3 229

Den dømde kan søkja om å få delar av straffa gjennomført med elektronisk kontroll eller ein kan søkja om at heile straffa blir gjennomført på den måten. Tabell II.2 viser at av alle som får sona med elektronisk kontroll så utgjer dei som får sona heile dommen med EK eit stort fleirtal, nesten 90 prosent. Frå 2014 til 2015 auka delen dømde som fekk sona med EK med 18 prosent. Dei over tre tusen dømde som sona med EK i 2015 utgjorde omtrent det som til ei kvar tid sonar i fengsel, altså ein fangepopulasjon i Noreg.

Om rapporten

I rapporten følgjer vi stort sett disposisjonane som vi har hatt i tidlegare rapportar (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006; Eikeland mfl. 2009; Eikeland mfl., 2013). Tabellane med resultat frå undersøkinga er stort sett organiserte likeeins, dvs. så langt det let seg gjera og så lenge det er relevant, men med endringar som krevst for at dei skal bli oversiktlege nok for lesarane. Opplysningane som rapporten gir, er kontrollerte for omtrent dei same bakgrunnsvariablane som tidlegare, først og fremst kjønn og alder, soningslengde, utdanningsbakgrunn og domsgrunnlag. Kva som var utdanningsaktiviteten i fengslet, andre aktivitetar, kva ønske om opplæring dei innsette hadde, sjølvrapporterte lærevanskar og vurdering av dugleik er vektlagt i rapporten.

Kor stor del innsette som har rett til opplæring i fengsla blir også tatt opp i denne rapporten. Her oppstår det problemstillingar som gjeld kven som har brukt opp retten ut frå det som tidlegare var innhaldet i opplæringslova, og kva rettar dei innsette har i høve nye paragrafar i opplæringslova. SSB har, som vi tidlegare har

gjort greie for, endra definisjonen av kva som er den høgaste (fullførde) utdanninga, ein måte som svarar til slik OECD gjer dette (sjå drøfting til slutt i dette kapitlet).

I rapporten nyttar vi ofte orda *utdanning* og *opplæring* om kvarandre og synonymt, men også med presisjonar som grunnopplæring og vidaregåande opplæring, når det trengst. Utdanning er meir generelt, og blir gjerne også mest nytta når det gjeld høgskular og universitet. Vidare brukar vi enkle sitatteikn (' ') for å markera at ord og uttrykk er direkte henta frå det som er brukt i spørjeskjemaet til dei innsette. Dette gjeld nesten berre svaralternativa.

For at dei nye tala og resultatata som blir presenterte i denne rapporten skal få eit best og mest mogeleg relevant samanlikningsgrunnlag når det gjeld dei to føregåande undersøkingane (2009 og 2012), presenterer vi også resultat frå dei undersøkingane saman med dei nye tala frå 2015 – der det lar seg gjere.

Fullført vidaregåande opplæring

Dei innsette opplyste i spørjeskjemaet kva deira høgaste fullførde utdanning er. SSB si tilpassing til OECD-måten å definera dette på har konsekvensar for kor stor del som fell inn under nemninga *fullført vidaregåande opplæring*. Sjølv om den gamle måten å definera dette på blir mindre og mindre aktuell, både når det gjeld fangepopulasjonen og folket elles i Noreg, finn vi det tenleg å repetera dei ulike definisjonane av dette slik dei blir brukt av SSB (og av oss).

I den tidlegare definisjonen av grunnskulenivået vart alle som berre hadde *det* som høgaste fullførde utdanning plasserte i den kategorien. I den nye definisjonen blir også dei som har fullført så lite vidaregåande opplæring at det *ikkje kvalifiserer* til fullført vidaregåande opplæring også plasserte på grunnskulenivået. Før var det slik at alle som hadde fullført ei eller anna form for vidaregåande opplæring vart plasserte på det nivået uansett lengda av vidaregåande opplæring. Neste utfordringa er at den nye definisjonen av fullført vidaregåande opplæring har ulike definisjonar for ulike tidsperiodar:

- Det som svarar til vidaregåande opplæring *før* lov om vidaregåande opplæring vart sett i verk på midten av 1970-talet blir no definert som vidaregåande opplæring uansett kor lang opplæringa var den gongen.
- Det som er vidaregåande opplæring frå perioden etter innføringa av vidaregåande opplæring på 70-talet, men før Reform 94, blir delt i to: dei som berre har gjennomført grunnkurs eller anna eittårig vidaregåande opplæring blir plasserte på grunnskulenivå; dei som har fullført vidaregåande kurs I eller II (VK I eller VK II) eller tilsvarande, blir plasserte på vidaregåande nivå.
- Etter innføringa av Reform 94 blir berre dei som har fullført tre- eller fireårig vidaregåande opplæring plasserte på det nivået. Dersom opplæringa er kortare, blir dei pr. definisjon plasserte på grunnskulenivået.

I dei tre siste undersøkinga av innsette (2009, 2012 og 2015) spurde vi ikkje om *når* dei innsette gjennomførde ei eventuell vidaregåande opplæring. Vi tar derfor utgangspunkt i alderen deira for å estimera kva nivå fullført opplæring dei har etter den nye definisjonen. Problemet som då kan oppstå er at vi ikkje utan vidare kan ta for gitt at dei innsette har følgd eit såkalla normalløp når det gjeld start og gjennomføring av vidaregåande opplæring, dvs. det er usikkert kor gamle dei var då dei tok til på opplæringa og kva avbrot og fråfall dei eventuelt har hatt. Derfor har vi i samband med rapportering frå alle dei tre undersøkingane simulert ulike aldersgrenser for når dei innsette kunne ha tatt si vidaregåande opplæring, for å sjå om det skapte empiriske konsekvensar i materialet. Avvika har tidlegare vore svært små og er det framleis. I 2015-materialet brukar vi derfor også ein tankegang om normalløp for kva tidsperiodedefinisjon som dei innsette fell inn under.

III. Kompetanse

Kompetanse skaffar ein seg ikkje berre gjennom utdanning, men òg gjennom arbeid og praksis. Også i 2015 spurde vi om dei innsette har hatt arbeid, og kva arbeid det var snakk om, ufaglært, faglært, arbeid som krev høgare utdanning eller eventuelt anna røynsle slik som sjølvstendig næringsdrivande. Vi kartla òg om dei innsette har vore heime som foreldre. I undersøkingar før 2009 spurde vi ikkje dei innsette om arbeid og praksis, berre kva utdanning dei hadde tatt. Høgaste fullførde utdanning eller opplæring er sentralt for å få innsikt i både dei innsette sin realkompetanse og kva rettar dei har når det gjeld vidaregåande opplæring.

Utdanningsbakgrunn

Likt tidlegare opplyste dei innsette om kva som var deira høgaste fullførde utdanning. I prinsippet avgrensar vi oss her til tredelinga som gjeld, grunnopplæring, vidaregåande opplæring (delt opp for tre år), fagskule og enkeltfag eller gradstudium ved høgskule eller universitet. Det som gjeld fagskule var nytt i 2012. Kategoriseringa av fagskule-«nivået» er ikkje utan vidare heilt enkelt. Statistisk sentralbyrå (SSB) kategoriserer fagskule som vidaregåande opplæring, og berre det, trass i at det finst fagskular som tilbyr både bachelor- og mastergrad. Desse siste er svært få. Vi har ikkje brukt ressursar på eller plass i spørjeskjemaet til å skaffa informasjon om den fagskulen som dei innsette har kryssa av for like gjerne kunne ha vore plassert på universitets- og høgskulenivået som på nivået vidaregåande opplæring. Der vi har bruk for den vanlege tredelinga av utdanningsnivåa, har vi derfor valt å følgja SSB sin handlemåte. Andre gonger presiserer vi nøyaktig kva det er snakk om.

I tabell III.2 samanliknar vi dei innsette sitt utdanningsnivå med kva som er tilsvarende hos heile det norske folket, med utvikling over tid. SSB sin endra definisjon av dei tre aktuelle nivåa, har konsekvens for nivåa 1 og 2 (grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring). Endringa som er gjort greie for i slutten av førre kapittel, har truleg mindre å seia etter som det no blir færre og færre innsette som er i ein alder der dei gamle utdanningsnivåa er aktuelle. Eventuelle avvik frå normalløpet i utdanning vil, teoretisk sett, kunna skapa konsekvensar for kor mange i dette utvalet som fell inn under dei tre periodiske definisjonane av kva som er høgaste fullførde utdanning. Derfor har vi òg denne gongen simulert fleire empiriske innfallsvinklar til dette. Vi har brukt ulike grenseverdier for dei innsette sin alder for å sjå om dette og SSB sine periodiske definisjonar har konsekvensar for kor stor del av dei innsette som flyttar seg frå nivå to til nivå ein som høgaste fullførde utdanning. På same måte som både i 2009 og i 2012 viser det seg at sjølv med inntil fem års endring i denne grenseverdien, så endrar det så lite på kor stor del innsette som har nivå ein eller to som høgaste fullførde utdanning, at vi vel å sjå bort frå det. Det må understrekast at måten SSB (og vi) definerer «inga fullført utdanning» på ikkje er påverka av endringane i dei nemnde definisjonane.

Tabell III.1. Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring i 2009, 2012, 2015. Prosent.

Høgaste fullførde	2009	2012	2015
Ikkje fullført opplæring	8,1	7,2	8,0
Grunnopplæring	23,2	19,4	19,0
Vidaregåande opplæring, 1. år	18,1	16,5	15,3
Vidaregåande opplæring, 2. år	21,2	17,4	15,7
Vidaregåande opplæring, 3. år	18,1	23,4	23,4
Fagskuleutdanning*	*	4,0	5,9
Høgare utdanning, enkeltfag	5,9	5,5	5,5
Høgare utdanning, gradsutdanning	5,5	6,5	7,2
(N) = 100 %	(1 352)	(1 270)	(1 462)

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Prosentdelen norske innsette som ikkje har fullført noko form for utdanning eller opplæring gjekk litt ned i 2012 (tabell III.1), men er tilbake på 2009-nivået i 2015. Kor stor del innsette som seier at dei ikkje har fullført noko form for utdanning eller opplæring har vore påfallande stabilt i alle undersøkingane som er gjort av dei innsette av oss sidan 2004 (7,6 prosent i 2004; 7,2 prosent i 2006). I 2012 var den største endringa at ein klart større del innsette opplyste at dei hadde fullført treårig eller meir vidaregåande opplæring, 23,4 prosent. Denne prosentdelen var akkurat den same i 2015. Prosentdelen innsette med universitets- eller høgskuleutdanning er framleis stabilt tolv til tretten prosent.

Korleis ser så utdanningsnivået til dei innsette i 2015 ut samanlikna med det som gjaldt i dei to føregåande og tilsvarande undersøkingane, og korleis ser nivået til dei innsette ut samanlikna med heile den norske populasjonen? I tabell III.2 prosentuerer vi berre ut frå dei som har fullført utdanning, slik SSB gjer det. Det vil seia at dei utan grunnopplæring eller tilsvarande ikkje er medrekna i prosentueringsgrunnlaget her. (I tillegg held SSB dei som er yngre enn 16 år utanfor prosentueringsbasen sin; i undersøkinga vår er det berre innsette over 18 år som er med. Denne skilnaden i prosentueringsbasis har her omtrent ingenting å seia.)

Dei innsette sitt utdanningsnivå er klart lågare enn kva som gjeld heile folket i Noreg, men vi ser ei endring frå både 2009 og 2012. I 2009 hadde nesten seks av ti innsette (59,1 prosent) grunnopplæring som høgaste fullførte; i 2012 var dette redusert til litt over halvparten (52,1 prosent). Tre år seinare var det under halvparten (49,4 prosent) som hadde grunnopplæringa som den høgaste fullførte. Tilsvarande ser vi at i 2015 var det i 26,9 prosent av folket i Noreg som hadde det lågaste utdanningsnivået som høgaste fullførde.

Tabell III.2. Høgaste fullførde utdanning* i Noreg totalt, frå 1970 til 2015
(kjelde: SSB, Statistikkbanken, 2016), og blant *berre norske innsette* i 2009, 2012 og 2015. Prosent.

Høgaste fullførde	Innbyggjarane i Noreg**						Innsette**		
	1970	1980	1990	2000	2010	2015	2009	2012	2015
Grunn-oppl.	53,2	48,9	41,6	34,0	29,1	26,9	59,1	52,1	49,4
Vgo	39,4	39,9	42,9	44,3	42,6	40,9	28,5	34,9	36,9
Høgare utd.	7,4	11,2	15,4	21,7	28,4	32,2	12,4	13,0	13,8
(N) = 100%	(2 852 636)	(3 073 132)	(3 310 283)	(3 480 022)	(3 818 006)	(4 221 985)	(1 243)	(1 178)	(1 345)

* Dei som har fullført fagskule blir plasserte i kategorien fullført vidaregåande opplæring, jf. måten SSB gjer dette på.

** Dei som ikkje har fullført utdanning er haldne utanfor både i SSB sin prosentueringsbasis og vår.

Frå 2009 til 2012 steig prosentdelen innsette med fullført vidaregåande opplæring med meir enn seks prosentpoeng. Ein auke fann stad også i 2015, med to prosentpoeng, og i 2015 hadde såleis 36,9 prosent av dei innsette vidaregåande opplæring som høgaste fullførde. Tilsvarande tal frå SSB er at 40,9 prosent hadde fullført vidaregåande opplæring i 2015 (SSB, Statistikkbanken, 2016). Prosentdelen av dei innsette som har høgare utdanning har stige litt og gjaldt 13,8 prosent i 2015. (Høgare utdanning er her kategorisert som både enkeltfag og gradstudium ved universitet eller høgskule, medan eventuell fagskuleutdanning er lagt til vidaregåande opplæring.) Prosentdelen innsette som berre hadde grunnopplæring som høgaste fullførde (49,4), svarer omtrent til nivået i den norske folkesetnaden seint på syttitalet (48,9 prosent i 1980).

Alderen til dei innsette heng saman med kor mykje og kva utdanning dei har fullført (tabell III.3). I 2009 hadde kvar tiande norsk innsett i den yngste aldersgruppa ikkje fullført noko form for opplæring. Prosentdelen var litt mindre i 2012, men steig att i 2015 (9,6 prosent). Nesten nitti prosent av dei norske innsette under 25 år hadde ikkje fullført treårig (eller meir) vidaregåande opplæring i 2009; i 2012 gjaldt dette 77,5 prosent. Denne prosentdelen var 63,4 i 2015. Innsette i alderen 25 til 34 år har den største delen som har fullført treåring vidaregåande (27,2 prosent). Aldersgruppa 35 til 44 år hadde størst endring i prosentdelen som ikkje hadde noko form for fullført opplæring, samanlikna med 2009 (frå 8,5 prosent til 5,4). Vi registrerer ikkje vesentlege endringar frå 2012 til 2015 i dei tre andre aldersgruppene som vi har kategorisert dei innsette etter, men legg merke til at meir enn kvar fjerde innsett over 44 år i 2015 hadde utdanning frå universitet eller høgskule.

I alle fire aldersgruppene har prosentdelen som ikkje har fullført noko form for utdanning eller opplæring auka noko sidan 2012. Det er likevel berre i den yngste gruppa at prosentdelen som har grunnopplæring som høgaste fullførde har auka sidan 2012. Prosentdelen som berre hadde eitt år vidaregåande opplæring minkar med stigande alder. Dette er likt 2012-undersøkinga. I den eldste aldersgruppa finn

vi lågaste del med fullført vidaregåande, uansett kor mange år det er snakk om. Å ha fullført høgare utdanning er noko som i størst grad gjeld dei eldste, naturleg nok, og her er det knapt endringar å spora. Det er dei eldste i fengsla som har fagskuleutdanning; det gjeld meir enn kvar tiande i den gruppa, også i 2015.

Tabell III.3. Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring etter aldersgrupper. Prosent.

Alder	År	Ikkje fullført	Grunn-opplæring	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Fag-skule*	Høgare utdanning	
								Enkeltfag	Grad
18 til 24	2009	10,1	26,7	21,5	30,8	10,5	-	0	0,4
	2012	8,9	21,6	26,3	20,7	19,7	0,9	0	1,9
	2015	9,6	25,7	23,9	13,8	23,9	1,8	1,4	0
25 til 34	2009	6,1	21,0	17,8	28,0	18,5	-	6,3	2,3
	2012	6,0	18,1	18,5	18,1	28,9	1,7	4,4	4,4
	2015	7,1	17,8	17,6	19,5	27,2	4,1	3,5	3,1
35 til 44	2009	8,5	24,6	18,6	14,8	20,2	-	6,6	6,8
	2012	5,4	19,4	15,3	16,3	23,8	4,8	7,8	7,1
	2015	7,2	18,3	12,7	19,1	25,8	4,7	5,0	7,2
Over 44	2009	7,3	22,6	15,0	10,9	21,2	-	9,5	13,5
	2012	7,2	19,6	8,5	11,9	19,6	10,6	8,9	13,6
	2015	9,1	17,6	10,1	9,3	16,1	10,4	10,6	16,3

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Kvinner og menn i fengsel har ein like stor prosentdel som har grunnopplæring som høgaste fullførde (19,0 prosent) og delen som ikkje har fullført noko er i praksis identisk (tabell III.4). Det same gjeld det å ha fullført eit og to år vidaregåande opplæring. Vi ser så eit skilje når det gjeld fullført treårig vidaregåande. Det gjaldt 23,7 prosent av dei mannleg innsette, men berre 17,7 prosent av kvinnene. Frå 2009 til 2015 har altså dette biletet snudd seg når vi samanliknar kvinner og menn. Kvinnene i 2009 hadde ein større prosentdel som hadde fullført tre år eller meir med vidaregåande. (Lågt prosentueringsgrunnlag for kvinnene skaper lett større endringar der enn hos mennene.) Ein større del kvinner enn menn opplyste at dei hadde fagskuleutdanning i 2012; det same gjaldt i 2015. Prosentdelen som opplyste at dei har universitetsutdanning har vore å rekna for lik i alle tre åra, når vi slår i hop enkeltfag og gradsutdanning.

Tabell III.4 Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring etter kjønn. Prosent*.

Høgaste fullførde	Kvinner			Menn		
	2009	2012	2015	2009	2012	2015
Ikkje fullført oppl.	6,6	6,8	7,6	8,2	7,3	8,0
Grunnskuleopplæring	21,7	15,1	19,0	23,3	19,7	19,0
Vgo 1. år	17,0	21,9	15,2	18,2	16,1	15,3
Vgo 2. år	18,9	16,4	10,1	21,3	17,5	16,1
Vgo 3. år eller meir	23,6	20,5	17,7	17,7	23,6	23,7
Fagskuleutdanning**	-	6,8	13,9	-	3,8	5,4
Høgare utd., enkeltfag	4,7	8,2	7,6	6,0	5,3	5,4
Høgare utd., grad.	7,5	4,1	8,9	5,3	6,7	7,1
(N)=100 %	(106)	(73)	(79)	(1 246)	(1 197)	(1 383)

* Merk at prosentueringsgrunnlaget for kvinner og menn er noko ulikt; ** ikkje spesifisert før i 2012.

Arbeidsrøynsle

Også i 2015 spurde vi dei innsette om kva arbeidsrøynsle dei har. Kunnskap om det gir ei betre forståing for deira realkompetanse. Som tidlegare uttrykt så kan røynsle vera tredelt. Ho kan vera ein konsekvens av utdanning og opplæring som ein har tatt, det kan vera eit supplement til opplæring eller utdanning, eller det kan vera eit substitutt for tradisjonell skulegang eller utdanning.

Dei innsette vart spurde om dei hadde hatt arbeid, underforstått ein eller annan gong. Med andre ord spurde vi ikkje om dei hadde arbeid på tidspunktet då dei vart innsette. Vi spurde heller ikkje i 2015 om kor lenge dei innsette hadde hatt dei ulike typane arbeid. Det gjorde vi i 2009, men tala var usikre fordi dei innsette var i tvil om kva dei skulle føre i skjemaet; nokon hadde òg problem med å hugsa alt som kunne vera aktuelt.

I 2009 hadde kvar ellefte norske innsette ikkje hatt arbeid (9,0 prosent, tabell III.5). Den delen var klart lågare i 2012 (6,7 prosent). I 2015 var det så 11,6 prosent som sa at dei aldri har hatt arbeid. Prosentdel med ufaglært arbeid, av dei som har hatt arbeid, var omtrent identisk med den i 2012. Prosentdel innsette med faglært arbeid var nær lik i alle tre åra vi samanliknar her, med 36,8 prosent av dei innsette i 2015. Det er heller ikkje store skilje mellom dei tre åra når det gjeld prosentdel som har hatt arbeid som krev høgare utdanning (11,0 prosent i 2015) og innsette som har vore sjølvsendig næringsdrivande (22,3 prosent i 2015). Prosentdelen som oppgav at dei har vore heime som foreldre (4,2 prosent) var i 2015 nær lik den i 2012.

Tabell III.5. Prosent norske innsette med ulike typar arbeidsrøynsle.

	<i>Ikkje</i> hatt arbeid	Ufaglært arbeid*	Faglært arbeid*	Arb. som krev høgare utd.*	Sjølvstendig næringsdrivande*	Heime som foreldre
2009	9,0	62,7	36,7	8,3	21,5	6,3
2012	6,7	54,2	35,3	10,8	24,8	4,7
2015	11,6	54,7	36,8	11,0	22,3	4,2

* Prosentuert av berre dei som har hatt arbeid

Vi går vidare og ser korleis arbeidsrøynsla fordeler seg etter alder. Der finn vi naturleg nok både store skilje og systematiske variasjonar som har med alder i seg sjølv å gjera (tabell III.6). Dess eldre den innsette er, dess større er sjansen for at vedkommande har hatt arbeid. Dette har alle tre undersøkingane vist. Det er òg verdt å merka seg at auken i prosentdelen som ikkje har hatt arbeid er å sjå i alle fire aldersgruppene.

Tabell III.6. Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter aldersgrupper.

		18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
Prosent som <i>ikkje</i> har hatt arbeid	2009	14,9	10,3	6,7	4,0
	2012	9,9	8,1	6,1	3,4
	2015	14,4	13,3	10,7	8,6
Prosent med ufaglært arbeid*	2009	73,6	66,9	61,8	50,9
	2012	74,0	58,0	54,7	34,8
	2015	73,6	65,1	51,9	37,4
Prosent med faglært arbeid*	2009	28,8	35,3	41,3	37,8
	2012	28,6	37,6	35,9	33,9
	2015	28,7	35,4	38,0	41,2
Prosent med arb. som krev høgare utd.*	2009	1,4	4,3	9,2	18,4
	2012	1,6	6,2	12,7	23,8
	2015	1,7	6,4	9,1	22,4
Prosent sjølvstendig næringsdrivande*	2009	7,5	18,3	23,7	34,8
	2012	8,9	20,8	34,1	33,0
	2015	9,6	20,1	24,7	29,1
Prosent heime som foreldre*	2009	2,8	4,8	8,4	9,0
	2012	2,6	4,7	6,5	5,3
	2015	1,7	3,1	5,2	4,7

* Prosentuert av berre dei som har hatt arbeid

I den eldste gruppa gjekk prosentdelen med ufaglært arbeid ned frå 2009 til 2012, og den delen var nokså lik i 2015 (37,4 prosent). Vidare legg vi merke til at i same aldersgruppa har prosentdelen med faglært arbeid auka med åtte prosentpoeng frå 2012 til 2015 (33,9 til 41,2 prosent). Det har også funne stad ein auke i prosentdelen innsette som har hatt arbeid som krev høgare utdanning i den eldste gruppa. I den nest eldste aldersgruppa har prosentdelen som sa at dei har hatt sjølvstendig næringsverksemd gått ned frå 34,1 prosent i 2012 til 24,7 prosent i 2015. Utover det er det berre små endringar å spora når det gjeld koplinga mellom alder og yrkesrøynsle.

Tabell III.7. Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter kjønn.

		Kvinner	Menn
Prosent som <i>ikkje</i> har hatt arbeid	2009	13,9	8,6
	2012	10,8	6,4
	2015	13,3	11,5
Prosent med ufaglært arbeid*	2009	65,6	62,4
	2012	69,7	53,2
	2015	60,0	54,4
Prosent med faglært arbeid*	2009	23,7	37,7
	2012	22,7	36,1
	2015	29,2	37,2
Prosent med arb. som krev høgare utd.*	2009	9,7	8,2
	2012	9,1	10,9
	2015	16,9	10,6
Prosent sjølvstendig næringsdrivande*	2009	10,8	22,4
	2012	13,6	25,4
	2015	12,3	22,8
Prosent heime som foreldre*	2009	38,7	3,7
	2012	27,3	3,4
	2015	15,4	3,3

* Prosentuert av berre dei som har hatt arbeid

Prosentdelen kvinner som ikkje har hatt arbeid har vore noko større enn blant mannlege innsette i alle tre undersøkingane (tabell III.7), men skilnaden har ikkje vore mindre enn kva han var i 2015. I 2009 var det nesten lik fordeling mellom kvinner og menn når det gjaldt ufaglært arbeid, men i 2012 var prosentdelen kvinner med det (69,7 prosent) klart større enn hos menn (53,2 prosent). Også i 2015 var det ein større del kvinner som hadde hatt ufaglært arbeid, men skilnaden er blitt mindre. På den andre sida står mannleg innsette fram med ein større del som har hatt faglært arbeid i alle tre undersøkingane, men også her var skilnaden klart mindre i 2015 enn kva han var i dei to føregåande undersøkingane.

Ein nær dobbelt så stor del menn som kvinner har tidlegare sagt at dei har hatt arbeid som sjølvstendig næringsdrivande; også den skilnaden minka i 2015.

I 2009 var det meir enn ti gonger så stor del kvinner som menn som sa at dei hadde vore heime som foreldre; i 2012 gjaldt det åtte gonger så stor del kvinner. Her fann det òg stad ei endring i 2015, der knapt fem gonger så stor del kvinner sa at dei har vore heime som foreldre, samanlikna med mannlege innsette.

IV. Aktivitet i fengslet

Utdanningsaktivitet

Sjølvs om alle fengsla i Noreg tilbyr opplæring til dei innsette varierer tilboda ein del. Som drøfta i tidlegare og tilsvarande rapportar har variasjonen konsekvensar for dei innsette si deltaking, både når det gjeld kva dei held på med av opplæring og om dei føretrekkjer andre former for aktivitet. I tillegg til at tilboda som blir gitt kan vera kjelder til variasjonen, så kan òg rettleiinga som den enkelte får vera det, i tillegg til vurderingar av relevans, interesser og kompetanse som dei innsette sjølv gjer seg. Og dette heng også i hop med kva utdanning eller opplæring dei allereie har, som vi skal sjå i dette kapitlet. Før vi ser nærare på korleis utdanningsaktiviteten i fengsla heng saman med tidlegare skulegang og alder, soningslengd og domsgrunnlag, ser vi i tabell IV.1 på kor stor del som heldt på med dei ulike nivåa av utdanning eller opplæring, både i 2009, i 2012 og i 2015.

Tabell IV.1. Prosent innsette og utdanningsaktivitet i fengslet.

Utdanningsaktivitet	2009	2012	2015
Inga utdanning/opplæring i fengslet	58,9	46,4	57,0
Grunnoplæring	1,9	2,0	1,2
Vidaregåande opplæring, 1. år	9,2	8,1	8,1
Vidaregåande opplæring, 2. år	3,4	6,6	7,3
Vidaregåande opplæring, 3. år	5,2	12,2	8,8
Fagskuleutdanning*	-	0,9	1,3
Utdanning på universitet eller høgskule	4,1	5,3	3,7
Kurs	17,4	18,5	12,7
(N)=100 %.	(1 373)	(1 275)	(1 470)

* Ikkje spesifisert før i 2012.

I 2006-undersøkinga var det 68,4 prosent av dei norske innsette som opplyste at dei ikkje tok noko form for utdanning eller opplæring medan dei sat inne (Eikeland mfl., 2006). Etter det vart det lagt til rette for og oppretta opplæringstilbod i alle fengsel, og prosentdelen innsette som ikkje heldt på med opplæring gjekk sjølvsagt ned i åra etter. Dette såg vi i både 2009- og 2012-undersøkinga. I 2015 steig så prosentdelen som ikkje heldt på med opplæring i fengsel til 57,0 prosent, nesten det som var 2009-nivået. Kva som er årsaka til dette veit vi ikkje, men som vi har vore inne på kan fengselspopulasjonen og respondentane våre denne gongen vera litt annleis enn tidlegare, ettersom det er langt fleire enn før som får høve til å sona med elektronisk kontroll. Skarøhamar (2013) har avdekt at desse har litt andre kjenneteikn enn dei som blir sette i fengsel, og kan dette ha slått ut i dette høvet.

Det er berre deltaking i vidaregåande opplæring andre år og fagskuleutdanninga som har ein høgare prosent deltaking i 2015 enn kva som gjaldt i 2012. Også prosentdelen som heldt på med kurs har gått relativt mykje ned. Denne kategorien fangar opp opplæring og utdanning som dei innsette heldt på med, men som ikkje utan vidare fell inn under det autoriserte og institusjonaliserte tre-nivåsystemet. Det kan likevel tenkjast at innsette kan halda på med sjølvstudium gjennom brevkurs i fag som t.d. ligg på nivå med vidaregåande opplæring eller som kan bli godkjent som det. Det kan òg vera tilfelle at innsette går på kurs som er autorisert som vidaregåande opplæring, men dei har kryssa av her fordi dei sjølve oppfattar det som noko anna enn vidaregåande opplæring.

Det er svært få av dei innsette som held på med grunnopplæring i fengslet, trass i at det er åtte prosent som seier at dei ikkje har fullført noko som helst utdanning eller opplæring. Samla sett heldt 24,2 prosent innsette på med vidaregåande opplæring i fengslet i 2015; tilsvarende tal i 2009 var 17,8 prosent; i 2012 gjaldt dette 26,9 prosent.

I rapporteringa frå 2012-undersøkinga vurderte vi eit normalløp for dei innsette sin utdanningsaktivitet i fengslet slik: Dei gjer seg ferdig med det som dei ikkje har fullført (frå før), eventuelt som dei har tatt til på, og held fram på eit nivå over det som dei allereie har, dvs. som dei då er kvalifiserte for. Ein del innsette bryt dette normalløpet. Dei tek t.d. opp att enkeltfag eller delar av utdanningane sine. Dette kan vera fordi dei har stroke i noko eller dei vil forbedra seg. Det finst òg innsette som tar utdanning på det som vi her kallar «ikkje-kvalifisert» nivå. Det inneber at ein innsett ikkje har fullført t.d. grunnopplæringa, men tar likevel fag på vidaregåande. Det kan òg vera at den innsette ikkje har fullført vidaregåande, men tar likevel fag på høgskule. (I dette tilfellet kan det rettnok vera at vedkommande har tileigna seg studiekompetanse på andre måtar enn ved vidaregåande opplæring, noko vi ikkje har tilstrekkelig med opplysningar om til å kunna vurdere.)

Forklaringane på deltaking i det som vi kallar «ikkje-kvalifisert» nivå kan vera fleire enn det. Frå informert hald har vi fått opplyst at ein del innsette som ikkje har fullført grunnopplæringa finn det altfor elementært å ta til att på det nivået. Dei får då gjerne plass i vidaregåande, i fag som dei sjølve meiner eller veit at dei kan ta del i. Ei tilsvarende forklaring, som vi også tidlegare har nytta, kan vera at innsette (i godt vaksen alder) rett og slett synest at det blir heilt feil å ta til att med grunnskulefag. Dei får då innføringskurs for å oppdatera seg slik at dei kan ta til på vidaregåande opplæring. Desse kursa blir av dei innsette (truleg) markert til å vera på vidaregåande nivå i spørjeskjema. På kva nivå tok så dei innsette utdanning med utgangspunkt i kva dei allereie har fullført? Dette ser vi nærare på i tabell IV.2.

Vi legg merke til at nesten to av tre som ikkje har fullført noko form for utdanning eller opplæring heller ikkje heldt på med det medan dei sat inne (65,8 prosent). Dette talet er høgare enn i 2012 (53,3 prosent, ikkje vist i tabell her). Bortsett frå det faktum at ein høgare del innsette ikkje heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet, så skil ikkje deltakingsmønsteret seg vesentleg frå det som vi også fann i 2012-undersøkinga. Dømesvis var det då slik at omtrent kvar femte innsett som hadde fullført grunnopplæringa, vidaregåande 1 eller vidaregåande 2 heldt på med nivået over i fengslet (18,7, 22,8 og 18,3 prosent i 2015). Vi ser òg at kvar femte

innsett som har enkeltfag eller grad frå universitet eller høgskule heldt på med det i soningstida (21,3 og 17,1 prosent). Dette er lågare enn kva som var tilfelle i 2012 (34,3 og 30,1 prosent).

Tabell IV.2. Utdannings- eller opplæringsnivået som dei innsette tar i fengsel etter kva nivå dei allereie har fullført. 2015. Prosent.

Utdanninga (nivået) som dei innsette har fullført								
Held på med i fengslet	Har inga utdanning	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Fag-skule	Enkelt-fag	Grads-utd.
Ikkje utd. i fengsel	65,8	60,1	56,7	52,2	52,3	69,8	52,5	57,1
Nivået under fullført	-	-	0	4,3	8,2	2,4	11,4	6,7
Same nivå som fullført	-	2,5	12,9	14,3	15,8	5,8	21,3	17,1
Nivået over fullført	6,0	18,7	22,8	18,3	5,9	2,3	-	-
«Ikkje-kvalifisert» nivå	18,0	10,0	0	0,9	0	0		
Kurs	10,3	8,6	7,6	10,0	17,8	19,8	15,0	18,1
(N) = 100 %	(117)	(278)	(224)	(230)	(342)	(86)	(80)	(105)

Den største delen innsette som tok det vi kallar for «ikkje-kvalifiserte» nivå finn ein blant dei som ikkje har fullført noko form for utdanning (18,0 prosent), nær identisk med 2012-undersøkinga. Desse heldt på med vidaregåande opplæring utan å ha grunnopplæringa, og kan falla inn under resonnementet nemnt ovanfor, det at dei får tilpassa eit læringsopplegg innan vidaregåande opplæring, trass i at dei ikkje har grunnnivået. Uansett kva utdanningsnivå dei innsette har fullført, så var det mellom 7,6 prosent og 19,8 prosent som heldt på med uspesifisert anna utdanning i fengslet, t.d. kurs. Dette er klart lågare enn i 2012, noko som vi også såg av totaltalet i tabell IV.1. Korleis utdanningsaktiviteten i fengslet fordelar seg når vi kategoriserer dei innsette etter alder finn vi i tabell IV.3, og vi samanliknar også her åra 2009, 2012 og 2015.

Tabell IV.3. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter aldersgrupper. Prosent.

Alder	År	Deltar ikkje	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Fag-skule*	Univ./høgskule	Kurs
18 til 24	2009	61,6	1,3	13,1	4,2	3,0	-	0,8	16,9
	2012	41,3	1,4	16,4	10,3	11,7	0,9	1,9	16,9
	2015	47,7	1,8	15,6	14,7	13,3	0	1,4	5,5
25 til 34	2009	54,6	1,6	11,6	3,4	8,0	-	4,1	16,7
	2012	39,6	2,0	9,1	7,7	17,4	0,7	6,7	16,8
	2015	50,5	0,8	10,4	9,3	11,6	1,4	3,5	12,4
35 til 44	2009	59,6	2,2	7,6	3,7	5,1	-	6,2	15,7
	2012	46,3	1,7	6,1	6,1	12,6	1,7	6,5	19,0
	2015	59,8	0,8	5,5	5,0	6,9	1,4	4,7	15,8
Over 44	2009	61,6	2,2	4,1	2,6	2,6	-	4,4	22,5
	2012	57,7	2,6	3,8	0,9	5,1	0,9	7,3	21,8
	2015	67,4	1,0	3,9	2,8	4,7	1,8	4,4	14,0

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Vi har sett at alle innsette under eitt hadde ein lågare deltakingsdel i 2015 enn i 2012, dvs. omtrent som nivået var i 2009. Det interessante i 2015-undersøkinga er at dette ikkje gjaldt dei yngste i fengslet i same grad og på same måte som dei som var over 24 år. I 2009 deltok ikkje seks av ti i aldersgruppa 18 til 24 år i utdanning eller opplæringsaktivitet i fengslet. I 2012 fall den delen til fire av ti; i 2015 var det 47,7 prosent av dei yngste innsette som ikkje heldt på med opplæring i fengslet. Dette er klart lågare enn i dei tre andre aldersgruppene. Om vi slår saman alle tre nivåa av vidaregåande opplæring så deltok 43,6 prosent av innsette i den yngste aldersgruppa i 2015 der. Til samanlikning gjaldt dette 31,3 prosent av dei i aldersgruppa over (25 til 34 år). Blant dei yngste finn vi også den lågaste delen som heldt på med anna utdanning, t.d. kurs, 5,5 prosent. Hovudintrykket i tabell IV.3 er at utdanningsaktiviteten går ned med stigande alder, forståeleg nok.

Skilnadene mellom menn og kvinner har tidlegare vore små når det gjeld utdanningsaktiviteten i fengslet slik vi har vurdert det (tabell IV.4). I 2012 var det ein litt større del kvinner enn menn som heldt på med kurs. I 2015 var dette heilt identisk (12,7 prosent), og klart lågare enn i 2012, særleg når det gjaldt kvinnene. Prosentdelen kvinner som ikkje heldt på med utdanning var litt lågare enn hos menn, både i 2009 og i 2012, men vi vurderer det i praksis til å vera likt i 2015 (58,2 og 56,9 prosent). Ein dobbelt så stor del kvinner som menn heldt på med vidaregåande første år i 2015 (16,5 mot 7,6 prosent). Med dei tre vidaregåande nivåa slått i hop var det omtrent ein like stor del mannlege og kvinnelege innsette som heldt på med det, omlag ein av fire.

Tabell IV.4. Prosent* innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter kjønn.

Utdanningsaktivitet	Kvinner			Menn		
	2009	2012	2015	2009	2012	2015
Deltar ikkje	51,9	41,9	58,2	59,4	46,7	56,9
Grunnopplæring	4,7	2,7	2,5	1,6	1,9	1,1
Vgo 1. år	11,3	9,5	16,5	9,0	8,0	7,6
Vgo 2. år	0,9	8,1	6,3	3,6	6,5	7,4
Vgo 3. år	6,6	10,8	3,8	5,1	12,3	9,1
Fagskuleutdanning**	-	0	0	-	0,9	1,4
Universitet eller høgskule	3,8	1,4	0	4,1	5,6	3,9
Kurs	20,8	25,7	12,7	17,2	18,1	12,7
(N) = 100 %	(106)	(74)	(79)	(1 223)	(1 201)	(1 391)

* Merk at prosentueringsgrunnlaget for kvinner og menn er ulikt; ** ikkje spesifisert før i 2012.

Vi har tidlegare sett at det har ein del å seia for utdanningsaktiviteten i fengslet kva fengslingsgrunnlag dei innsette har. Tabell IV.5 viser at det har det framleis, og det finst ei endring frå kva som var tilfelle tidlegare.

Tabell IV.5. Prosent innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter fengslingsgrunnlag.

Fengslingsgrunnlag	År	Deltar ikkje	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Fag-skule*	Univ./høgskule	Kurs
Dom**	2009	58,5	1,6	8,9	3,3	5,6	-	4,2	17,9
	2012	44,1	1,8	8,4	6,5	13,1	0,7	5,6	19,6
	2015	57,5	1,1	7,5	7,2	8,5	1,3	3,7	13,2
Forvaring	2009	5,9	5,9	23,5	5,9	11,8	-	17,6	29,4
	2012	33,3	7,4	7,4	11,1	7,4	3,7	18,5	11,1
	2015	29,6	3,7	11,1	18,5	14,8	0	11,1	11,1
Varetekt utan dom#	2009	67,7	3,6	10,2	3,6	2,4	-	0,6	12,0
	2012	65,6	1,6	4,0	5,6	7,2	1,6	1,6	12,8
	2015	59,5	1,6	11,1	5,3	8,4	1,1	2,1	11,1
Varetekt, anka dom#	2009	-	-	-	-	-	-	-	-
	2012	59,5	2,7	13,5	8,1	8,1	0	0	8,1
	2015	46,8	0	10,6	12,8	14,9	2,1	6,4	6,4

* Ikkje spesifisert før i 2012; ** dei som sonar bøter er inkluderte her; # for 2012 skilte vi ikkje på type varetekt.

Den generelle tendensen har vore at ein større del innsette med dom heldt på med utdanning eller opplæring enn innsette i varetekt. Dette endra seg litt i 2015. Dei som sat i varetekt med anka dom deltok litt meir enn dei med dom. Innsette i varetekt utan dom deltok på omtrent same nivået som dei med dom. (Det å skilja mellom dei to typane varetekt vart ikkje gjort i 2009.) Utdannings- og opplæringsaktiviteten står fram som høgast hos dei i forvaring, men her er prosentueringsgrunnlaget svært lågt (27 personar).

Dei store skilnadene blant dei innsette kjem likevel klarast fram når vi ser på kva domslengda har å seia for opplæringsaktiviteten i fengslet (tabell IV.6, der innsette i varetekt utan dom er haldne utanfor). Måten domslengda er kategorisert på i tabell IV.6 heng att frå måten vi spurde dei innsette om domslengda på i undersøkingane i 2004, 2006 og 2009. Vi har valt å presentera akkurat dette slik i denne rapporten òg for å kunna samanlikne med tidlegare undersøkingar. Både i 2012 og i 2015 vart dette spesifisert i finare grad i skjemaet. Dei innsette kunne då krysse av for domslengda si som eitt-årsintervall dersom dei hadde meir enn eitt års fengsel, og litt kortare intervall dersom dei hadde dom som var kortare enn eitt år (sjå spørjeskjemaet).

Tabell IV.6. Prosent innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt før dom).

Domslengd	År	Deltar ikkje	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Fag-skule*	Univ./høgskule	Kurs
Under 3 mnd	2009	74,7	1,1	1,8	1,4	0,0	-	0	20,9
	2012	66,7	1,1	1,6	2,2	4,4	0	1,1	23,0
	2015	78,6	1,0	2,5	3,0	1,5	0	0	13,4
3 til 12 mnd	2009	62,0	1,2	9,9	1,7	3,5	-	0,6	21,2
	2012	50,8	1,4	9	6,3	9,3	0,3	1,6	21,3
	2015	61,2	1,6	7,0	5,2	6,5	0,8	0	17,1
1 til 5 år	2009	53,9	1,7	11	4,5	9,0	-	5,3	14,6
	2012	36,1	2,3	11,2	8,1	15,6	1,6	6,0	19,2
	2015	50,7	0,9	9,8	9,2	10,4	2,3	5,5	11,1
Meir enn 5 år	2009	25,6	2,6	17,3	8,3	12,8	-	19,2	14,1
	2012	26,4	4,0	8,0	9,8	22,4	0,6	20,1	8,6
	2015	36,8	1,1	9,3	12,6	18,7	1,6	11,5	8,2

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Hovudtendensen har vore og er at dess lengre dom dei innsette har, dess større del heldt på med utdanning eller opplæring. Medan akkurat meir enn tre av fire innsette med dom under tre månader *ikkje* deltok i utdanning eller opplæring i 2015, så gjaldt det i overkant av ein av tre (36,8 prosent) av dei med lengst dom. Tidlegare i dette kapitlet har vi sett at dei innsette i 2015 hadde eit lågare aktivitetsnivå når det gjeld utdanning og opplæring enn kva dei hadde i 2012, og at prosentdelen som

heldt på med det i 2015 var omtrent identisk med det vi fann i 2009-undersøkinga. Også dei med lengst dom i 2015 har redusert opplæringsaktiviteten i fengslet. Prosentdelen som *ikkje* var i utdanningsaktivitet i 2015 var ca. ti prosentpoeng høgare enn kva som var tilfelle *både* i 2012 og 2009. Dette skil dei med lengst dom frå dei tre andre domslengdegruppene, der prosentdelen som ikkje heldt på med utdanning i 2015 var omtrent den same som i 2009. Vi legg elles merke til at det faktisk var ein litt større del innsette blant dei med lengst dom i 2015 som tok del i vidaregåande opplæring første og andre år enn i 2012, men forskjellen er liten. Det same gjaldt dei i gruppa med nest lengst dom når det gjeld prosentdelen som heldt på med vidaregåande andre året.


I 2012 var prosentdelen som heldt på med anna utdanning (kurs) klart fallande med domslengda. I 2009 var dette ikkje like klart, i 2015 var denne delen fallande for dei som hadde dom lengre enn tre månader. Vi har tidlegare vurdert dette som ein indikator på at dess lenger dom dei innsette har, dess større er sjansen for å komma til i dei meir etablerte og institusjonaliserte utdanningane og opplæringstilboda i fengsla. Ein indikator på det finn vi òg når det gjeld vidaregåande opplæring. I både i 2012 og i 2015 var det ein klar tendens til at dess lenger dom dei innsette hadde, dess større del tok vidaregåande opplæring andre og tredje år.

Tabell IV.7 Prosent innsette som heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet etter kor langt dei var komne i soningsløpet (utan innsette i varetekt før dom). 2015.

	Nettopp starta soninga	Kortare enn tredjeparten	Mellom ein og to tredjepartar	Over to tredjepartar
Tar utd./oppl. i fengslet	26,9	48,4	50,1	33,9
(N)=100 %	(145)	(351)	(503)	(221)

I dei to siste undersøkingane av dei innsette har vi hatt med eit spørsmål om kor langt i soninga dei var komne på undersøkingstidspunktet, mindre enn tredjeparten, mellom tredjeparten og to tredjepartar, meir enn to tredjepartar. Dei kunne òg krysse av om dei nettopp hadde starta soninga. Bakgrunnen for å ha denne presisjonen i skjemaet er at start og slutt på soning nesten alltid inneber ein usikker og ny situasjon for dei innsette. Starten av soninga medfører endra livssituasjon, der både familie, husvære, arbeidsliv og økonomi blir påverka. Dette gjev grunn for å stilla to spørsmål i rapporten: er det slik at den stigande tendensen til undervisningsdeltaking i fengsla følgjer domslengda lineært; kan posisjon i soningsløpet gje svar på om den innsette tek del i utdanning og opplæring i fengslet eller ikkje? Vi ser nærare på det i tabell IV.7. Dei innsette fekk ingen definisjon av kva det vil seia å nettopp ha starta soninga. Det skulle vera deira subjektive oppfatning som kom fram her. Slik sett kan det vera ein viss tidsvariasjon i dette. Truleg vil denne subjektive oppfatninga ha noko å seia alt etter kor lang soningstid dei har framfor seg.

Litt meir enn fjerdeparten av dei som nettopp hadde starta soninga heldt på med opplæring i fengslet; det gjaldt ein av tre av dei som hadde sona over to tredjepartar. Dette er mindre enn dei andre soningslengdegruppene, der det i praksis ikkje er nokon skilnad i opplæringslæringsaktiviteten, det gjaldt omtrent halvparten.



Figur IV.1. Prosent innsette som heldt på med opplæring i fengslet og prosent innsette som var innanfor 2/3 av soningsløpet sitt etter domslengde, men utan dei som sa at dei nettopp hadde starta soninga. 2015.

Neste spørsmål er så om domslengda og kvar dei er i soningsløpet samvarierer når det gjeld opplæringsaktiviteten. Det søkjer vi å illustrera i figur IV.1. Opplæringsaktiviteten hos dei innsette stig mykje frå dei som har den kortaste dommen (under tre månader) til domslengda over (tre til seks månader). Deretter flatar deltakingsdelen ut, fram til og med dei som sonar eitt til to år, for så å stiga kraftig att ettersom lengda på dommen aukar, fram til og med fire til fem år. Deretter er det faktisk ein liten nedgang i prosentdelen innsette som heldt på med opplæring, fram til og med dom på sju til åtte år. Prosentdelen stig så noko, men går litt ned att for dei med lengst dom på undersøkingstidpunktet. Lina som viser kor stor del av dei innsette i kvar domslengdegruppe som er innanfor to tredeler i soningsløpet sitt føl opplæringsgrafen, med eit par avvik. Den nedgangen som vi ser i opplæringsaktivitet hos innsette med sju til åtte års dom, er t.d. òg følgt av ein nedgang i prosentdelen innsette som er i det nemnde soningsløpet. Tilsvarande det vi ser i figur IV.1 såg vi òg i 2012-undersøkinga. På grunnlag av funn i 2012-undersøkinga konkluderte vi då med at effekten som vi ser av domslengda på deltaking i undervisning i fengslet stogga ved dommar på inntil seks år. I 2015-undersøkinga kan det sjå ut som at vi må trekkja frå eitt år når det gjeld ein slik konklusjon.

Har tryggningsnivået som dei innsette sonar under noko å seia for undervisningsaktiviteten i fengslet? Om vi ser all utdannings- eller opplæringsaktivitet under eitt så er svaret «nei». Vi ser likevel at i 2015 var det ein litt større del innsette under høgt tryggningsnivå som heldt på vidaregåande opplæring første år (10,4 prosent mot 6,0 prosent på lågt tryggningsnivå), og at prosentdelen som tok universitets- og høgskuleutdanning på høgt tryggningsnivå var litt lågare enn på lågt tryggningsnivå (2,9 mot 4,4 prosent).

Tabell IV.8. Tid brukt på opplæringsaktivitet pr. veke. Prosent berre av dei som heldt på med utdanning eller opplæring fengslet.

Tid brukt pr. veke	Nettopp starta soninga				
	Under 3 mnd	3 til 12 mnd	1 til 5 år	Over 5 år	Totalt
1 til 6 timar	50,0	36,3	28,2	27,9	31,9
7 til 15 timar	25,0	27,4	26,4	22,5	25,7
16 til 25 timar	16,7	20,0	19,9	11,7	17,9
Over 25 timar	8,3	16,3	25,5	37,8	24,5
(N) = 100 %	(36)	(135)	(216)	(111)	(498)

I 2015-undersøkinga spurde vi dei innsette om kor lang tid dei brukte på opplærings- eller utdanningsaktivitet under soninga. Data om dette har vi ikkje frå tidlegare undersøkingar. Tabell IV.8 viser fordelinga av dette i prosent, i dei timegruppene som vart brukt i spørjeskjemaet. Her går det fram at tal timar brukt på opplæring eller utdanning stig med lengda på dommen. Til dømes er det slik at berre kvar tolvte innsette med den kortaste dommen brukar over 25 timar pr. veke på dette. Dette gjeld meir en kvar tredje blant innsette med dei lengste dommene.

Omtrent fjerdeparten av dei innsette brukar meir enn 25 timar pr. veke til opplæringsaktivitet; litt færre enn tredjeparten brukar mindre enn sju timar i veka på dette.

Rett til opplæring

Sidan 2006-undersøkinga har vi avdekt kor stor del innsette som har hatt rett til opplæring. Opplæringslova var i 2006 formulert slik at retten til vidaregåande opplæring var definert av når ein var fødd, noko som i praksis medførte at det då fanst fire «rettsgrupper». Opplæringslova er endra sidan den tid. Rett til opplæring fell no grovt sett inn i to grupper: dei som tar ut den ordinære retten innan det året dei fyller 24 år (opplæringslova § 3-1); dei som er eldre enn det kan også få rett til opplæring dersom dei søker om det (§ 4A-3). I tillegg kan vaksne utan rett få opplæring, både som ordinær elev etter § 3-1 eller som *deltakar* (omgrepet for ein vaksen elev) etter § 4-3 dersom fylkeskommunen har ledig plass. I tillegg kjem det ein del rettsmoment knytt til dei som treng ekstra tid, t.d. spesialundervising. Vidare kan dei som har hatt avbrot søkja om framhald av retten. Året 1991 skil denne gongen (i 2015) i hovudsak kva «rettsgruppe» dei innsette fell i.

Tabell IV.9 viser kor stor del av dei innsette som heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet ut frå kva dei allereie har fullført, delt inn etter om dei er fødte før 1991 eller i 1991 og seinare. (Ein føresetnad for å kunna framstille dette slik er at innsette som er eldre enn kva ungdomsretten gir dei, og som heldt på med vidaregåande i fengslet, har søkt og fått slik rett til vidaregåande opplæring.)

Tabell IV.9. Prosent innsette med og utan rett til vidaregåande opplæring (vgo) etter når dei var fødde, og delt opp etter opplæringsaktiviteten i fengslet.

Fødd når	Inga fullført opplæring, tar ingenting i fengslet #	Inga fullført opplæring, tar grunnoppl. i fengslet	Har rett til vgo og...			Har ikkje rett til vgo pga. fullført vgo	(N) = 100%
			... tar vgo over nivået dei har	... tar vgo på same nivå dei har eller lågare	... tar ikkje vgo		
I 1991 el seinare	5,5	5,1	25,2	19,7	28,4	16,1	(218)
Før 1991	5,3	2,8	11,6	17,2	28,5*	34,7	(1 229)
Alle	5,3**	3,1**	13,6	17,6	28,5	31,9	(1 447)

«Ingenting i fengslet» inneber at dei ikkje tar del i grunn- eller vidaregåande opplæring. * Desse har rett til vgo under føresetnad av at dei søker om og får slik godkjenning, jf. opplæringslova, § 4A-3. ** Grunnen til at dette undermerer seg til meir enn 8,0 prosent (sjå tabell III.1) er at seks innsette opplyser at dei har fullført grunnopplæringa, men tek (likevel) grunnopplæring i fengslet. Dei er derfor med i kolonnen «Inga fullført opplæring, tar grunnopplæring i fengslet».

For å ha rett til vidaregåande opplæring må ein ha fullført grunnopplæringa. Både i og utanfor fengslet kan det vera slik at ein har rett til vidaregåande opplæring, men brukar ikkje retten. Vi ser at dette gjeld omtrent ein like stor del i dei to aktuelle aldersgruppene. I overkant av ein av fire innsette (28,4 prosent) hadde rett til vidaregåande opplæring, men heldt ikkje på med det då vi gjorde undersøkinga i oktober 2015. Av dei som ikkje fell inn under ungdomsretten var det 28,5 prosent innsette som kunne søkje om å få rett til vidaregåande opplæring, underforstått, dei heldt heller ikkje på med det i fengslet, slik vi har kunne konstatere det. Vidare var det 44,9 prosent (25,2 pluss 19,7 prosent) av dei yngste som heldt på med vidaregåande opplæring i fengslet. Tilsvarande var det 28,8 prosent (11,6 pluss 17,2 prosent) av dei som var fødde før 1991 som heldt på med tilsvarande.

På undersøkingstidspunktet i 2015 var 2 619 innsette (norske) og vi brukar det talet for estimere kor stort volumet av innsette med rett til vidaregåande opplæring var. Totaltalet i tabell IV.9 (alle) viser at nesten seks av ti innsette (59,7 prosent, dvs. 13,6 pluss 17,6 pluss 28,5 prosent) hadde rett til vidaregåande opplæring i 2015 uansett alder. Rekna om til å gjelda alle norske var det altså 1 564 innsette som hadde rett til vidaregåande opplæring (59,7 prosent av 2 619). Av desse igjen var det så 746 innsette som hadde rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje brukte retten eller som ikkje hadde søkt om han (28,5 prosent av 2 619). I tillegg konstaterer vi at innsette som ikkje har fullført grunnopplæringa vil få rett til vidaregåande opplæring når den er fullført.

Andre aktivitetar i fengsel

I tillegg til å opplysa om kor mykje opplæringsaktivitet dei innsette tok del i, bad vi dei også om å kryssa av for kor mange timar dei brukte til jobb- eller arbeidsdrift, programaktivitet eller andre dagtidsaktivitetar. Her gjeld dei same timekategoriane som vart brukte for utdanningsaktivitet.

Tabell IV.10. Tid brukt på tre aktivitetstypar pr. veke. Prosenttal.

Tid brukt pr. veke	Arbeid	Program	Anna aktivitet
Deltar ikkje	29,8	88,6	67,4
1 til 6 timar	12,6	9,7	20,6
7 til 15 timar	13,5	1,2	8,5
16 til 25 timar	11,8	0,2	1,4
Over 25 timar	32,2	0,3	2,1
(N)* =100 %	(1 344)	(1 344)	(1 344)

* Dersom dei innsette ikkje hadde markert av for alle aktivitetane (inkludert 'Deltar ikke'), men berre ein eller to, tar vi for gitt at det skal vera 'Deltar ikke' på den som ikkje er markert (sjå skjemaet i appendiks). Derfor er prosentueringsgrunnlaget heilt likt i alle tre tilfella.

I tabell IV.10 er òg prosentdelen som ikkje heldt på med den aktuelle aktiviteten tatt med (sjå elles tabellnote). Eit fåtal av dei innsette heldt på med programaktivitet (11,4 prosent), og i dei fleste tilfella dreidde dette seg om ikkje meir enn inntil seks timar i veka. Meir enn sytti prosent av dei innsette var i arbeid i fengslet; for omtrent tredjeparten dreidde dette seg om meir enn 25 timar i veka. Vi ser vidare at to tredjepartar ikkje heldt på med noko av det som er nemnt som anna aktivitet. Denne kategorien opna for at innsette kunne ta med aktivitet som dei sjølve fann relevant, men som ikkje passar inn i det som er avgrensa til arbeid, utdanning eller program.

Det er ikkje nødvendigvis slik at dei innsette berre heldt på med *ein* type aktivitet i fengslet. Det å kombinera nettopp arbeid og utdanning er den mest vanlege kombinasjonen. I 2012-undersøkinga såg vi at 54,6 prosent av dei innsette gav uttrykk for at dei aller helst ville kombinera dei to typene aktivitet. Vi hadde ikkje dette spørsmålet med i 2015, men ved å kombinera opplysningane om aktivitet finn vi at nesten ein av fire (23,5 prosent) kombinerte utdanning og arbeid i fengslet.

Oppleving av utdanning og rådgjeving i fengslet

Korleis opplever så dei innsette som held på med utdanning i fengslet dette? Dette spørsmålet fekk relativt brei merksemd i 2012-undersøkinga, då vi hadde sju spørsmål som gjekk eksplisitt på den opplæringa som dei innsette heldt på med, inkludert

eit heilt generelt spørsmål om opplærings situasjonen, i tillegg til eit spørsmål om rettleiing av dei innsette. Dette var meir enn i 2009 (berre to var overlappande). I 2015 vart det så valt å berre ha med eit generelt spørsmål som dreia seg om opplæringa i fengslet, i tillegg til ei vurdering av rettleiinga som dei innsette får. I tabell IV.11 presenterer vi resultatata for det generelle spørsmål frå dei tre undersøkingane; i tabell IV.12 finn ein kor nøgd dei innsette var med rettleiinga.

Tabell IV.11. Innsette si oppleving av utdanninga eller opplæringa i fengslet etter kva utdanningsaktivitet dei heldt på med. Prosent.

			Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Høgare utd.	Kurs
<i>Eg er nøgd med opplæringa</i>	2009	Heilt samd	38,9	48,2	48,8	57,6	30,6	40,9
		Heilt usamd	0	3,5	2,4	3,0	28,6	11,3
	2012	Heilt samd	27,3	54,0	55,6	52,7	29,3	41,9
		Heilt usamd	13,6	3,0	2,5	4,0	10,3	6,3
	2015	Heilt samd	54,5	55,5	49,0	47,1	20,0	34,8
		Heilt usamd	0	2,7	5,9	1,7	22,2	8,2

Dei innsette kunne gje sine synspunkt på ein fempunktsskala frå 'helt uenig' til 'helt enig'. Vi har sett utsegnene i samanheng med den utdanninga eller opplæringa dei innsette heldt på med i fengslet. For at presentasjonane av tal ikkje skal bli unødige kompliserte, viser vi berre prosentane som uttrykkjer ekstremverdiene (haldningane), dvs. 'heilt usamd' eller 'heilt samd'. Dette er relativt uproblematisk sidan svarmønsteret jamt over er nokså klart.

I alle tre undersøkingssåra har det vore ein tendens til at dei som heldt på med vidaregåande opplæring var mest nøgde, men med ein del variasjon i kva nivå i vidaregåande opplæring dei innsette var på. Dei som heldt på med høgare utdanning og grunnopplæring i 2012 var minst nøgde, men dette endra seg i 2015. Innsette i gang med høgare utdanning hadde i 2015 ein dobbel så stor del som var heilt usamde i utsegna om dei var nøgde, dette gjaldt ingen av dei (få) som heldt på med grunnopplæring.

Vi har tidlegare i rapporten sett at grad av opplæringsaktivitet ikkje skil dei innsette i særleg grad etter kva nivå det er på soningsregimet, høgt eller lågt tryggingnivå. Dette gjeld òg dei innsette si vurdering av opplæringa i fengslet, men med ein litt større del innsette på høgt tryggingnivå som sa at dei var heilt samde i utsegna som er sitert i tabell IV.11 (48,1 prosent mot 39,7 prosent hos dei på lågt tryggingnivå – ikkje vist i tabell her).

Får dei innsette den rettleiinga som dei treng, slik dei sjølve ser det? Dette spørsmålet (dvs. utsegna, 'Jeg får den rådgivningen som jeg trenger') var gitt til alle innsette. Derfor har tabell IV.12 også med ein kolonne for dei innsette som ikkje tok

del i utdanning og opplæring i 2015, men ikkje relevant i 2012. Her kan det tyda på at situasjonen for dei som ikkje tok del i utdanning eller opplæring er svært så delt. Omtrent ein av fem (21,2 prosent) sa at dei vart heilt samde i at dei fekk den rådgevinga som dei trengde og ein omtrent like stor del (23,7 prosent) sa at dei ikkje fekk det.

Tabell IV.12. Innsette si oppleving av utdanninga eller opplæringa i fengslet etter kva utdanningsaktivitet dei heldt på med. Prosent.

			Deltar ikkje	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Høgare utd.	Kurs
<i>Eg får den rådgevinga som eg treng</i>	2012	Heilt samd	-	36,8	45,8	40,7	46,3	30,4	41,5
		Heilt usamd	-	15,8	5,2	6,2	5,4	12,5	6,0
	2015	Heilt samd	21,2	40,0	47,4	46,3	38,9	28,3	28,3
		Heilt usamd	23,7	6,7	3,4	7,4	2,4	18,9	15,6

Når det gjeld dei som er heldt på med grunnopplæring eller vidaregåande opplæring, var situasjonen ein annan. Omtrent førti til nesten femti prosent av desse gav uttrykk for at dei var samde i utsegna om rådgeving; mellom 7,4 og 2,4 prosent sa at dei ikkje var det, avhengig av nivå. Desse 2015-tala var ikkje særleg ulike det som var tilfelle i 2012. Dei som heldt på med kurs eller høgare utdanning hadde derimot ein større del innsette som sa seg heilt usamde i dette. Også her var situasjonen frå 2015 relativt lik i 2012, men med eit visst unntak for dei som heldt på med uspesifisert kurs.

Planar etter soning

Kva planar har så dei innsette etter soning når det gjeld arbeid og utdanning? Finst det systematiske samanhengar mellom kva planar dei innsette har etter kva aktivitet eller kombinasjonar av aktivitet dei hadde i fengslet? Aktivitetane som dei innsette heldt på med kan òg vera bestemt av kva soningsforhold dei har. Spørsmålet vi då stiller oss er om planar og aktivitet også heng i hop med kva tryggningsnivå dei innsette sonar under. La oss først sjå på kva planar dei innsette har og om fengselsaktivitetane er med på å påverka dette i statistisk forstand, i tabell IV.13. Her delar vi dei innsette inn etter om dei heldt på med opplæring eller arbeid i fengslet, om dei heldt på med begge delar, eller om dei ikkje heldt på med desse to aktivitetane.

Tabell IV.13. Dei innsette sine planar etter soning etter om dei heldt på med arbeid, opplæring eller begge delar i fengslet. Prosent.

Planar	Aktivitet i fengslet				
	Ikkje arb./utd.	Arbeid	Oppl./utd.	Begge delar	Totalt
Har ingen planar	28,0	10,9	5,3	5,0	11,3
Halda fram jobb/yrke	23,3	40,2	19,9	36,3	33,7
Halda fram utd./oppl.	8,3	5,6	39,2	24,6	15,6
Ta til på utd./oppl.	14,5	9,8	7,6	7,6	9,7
Skaffa meg jobb	25,9	33,5	28,1	26,5	29,8
(N) = 100 %	(193)	(52)	(171)	(317)	(1 233)

Kvar niande innsett sa at dei ikkje hadde nokre planar etter soning. Kvar tredje ville halda fram i yrket eller jobben, kvar sjette ville halda fram med utdanning eller opplæring, kvar tiande ville ta til på utdanning eller opplæring, og i underkant av kvar tredje ville skaffa seg jobb. Når vi så delar dei innsette inn etter aktivitetskategoriane som vi har gjort greie for, endrar prosentdelen som ikkje hadde planar etter soning seg kraftig. Heile 28 prosent av innsette som ikkje heldt på med nokon av dei to her aktuelle aktivitetane, hadde ingen planar etter soninga. Ein av ti som heldt på med arbeid i fengslet hadde ikkje planar etter soning. Av dei som heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet var det berre kvar tjuande som sa at dei ikkje hadde planar etter soning. Dei som var i arbeid i fengslet ville i størst grad halda fram jobben eller yrket sitt (40,2 prosent). Tilsvarande finn vi størstedelen som ville halda fram med utdanning blant dei som heldt på med det i fengslet (39,2 og 24,6 prosent). Det som kan verka noko overraskande er at av dei som ikkje heldt på med nokon av desse to aktivitetane i fengslet, så var det 14,5 prosent som sa at dei vil ta til på utdanning eller opplæring etter soning. Dette er klart høgare del enn kva som gjeld dei tre andre grupperingane her.

Vidare går det fram at kvar fjerde innsett som ikkje heldt på med opplæring eller arbeid i fengslet, vil skaffa seg jobb. Her står dei innsette fram som relativ like uansett kva som var aktiviteten i fengslet når det gjeld arbeid og opplæring, men med ei lita overvekt når det gjeld innsette som var i arbeidsaktivitet i fengslet (kvar tredje).

Vi undersøkte så om planar og aktivitet kan skilja dei innsette etter kva tryggingnivå dei sona under. Overraskande nok er svaret på det spørsmålet «nei». Både prosentsetsane og mønsteret som vi ser i tabell IV.13 er omtrent identisk for innsette uansett høgt eller lågt tryggingnivå (ikkje vist i tabell her).

V. Utdanningsønske

Likt dei tidlegare undersøkingane fekk dei innsette også i 2015 høve til å gje uttrykk for kva som var deira utdanningsønske. Vi har hittil sett at opplæringsaktiviteten i fengslet delvis heng saman med kor lang dom dei innsette har, men òg med domsgrunnlaget. Derfor er det truleg at utdanningsønska kan henga saman med kva som er fengslingsgrunnlaget til dei innsette og kor lang dom dei har. Ein spesielt usikker situasjon har dei som sit i varetekt.

Ønske i fengslet

Uavhengig av om dei innsette heldt på med utdanning eller ikkje, var det i overkant av sytti prosent (72,9 prosent) som ønskte seg utdanning eller opplæring i fengslet. Tilsvarende tal for norske innsette i 2012 var 80,9 prosent. Berre 3,2 prosent av dei som faktisk heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet gav uttrykk for at dei *ikkje* ønskte det i 2015.

Tabell V.1. Innsette sine utdanningsønske i fengslet etter domsgrunnlag. Prosenttal.

Fengslingsgrunnlag	År	Ingen ønske	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Fag-skule**	Univ./høgskule	Kurs
Dom*	2009	35,0	2,1	11,4	5,6	8,1	-	11,1	26,7
	2012	19,9	1,7	4,9	7,5	20,8	3,7	14,1	27,5
	2015	28,8	1,3	6,5	6,8	20,6	23,0	10,0	23,2
Forvaring	2009	11,8	0	17,6	5,9	5,9	-	23,5	35,3
	2012	23,1	3,8	3,8	7,7	19,2	3,8	30,8	7,7
	2015	7,4	3,7	7,4	14,8	22,2	3,7	22,2	18,5
Varetekt før dom #	2009	22,0	3,1	21,4	8,2	6,9	-	14,5	23,9
	2012	13,0	1,6	6,5	6,5	26,8	6,5	13,0	26,0
	2015	21,3	3,2	9,6	8,0	21,8	4,3	11,7	20,2
Varetekt, anka dom#	2009	-	-	-	-	-	-	-	-
	2012	16,2	2,7	8,1	5,4	32,4	0	21,6	13,5
	2015	17,0	0	2,1	14,9	34,0	8,5	10,6	12,8
Alle	2015	27,1	1,5	6,8	7,3	21,2	3,3	10,4	22,3

* Dei som sonar bøter er inkluderte her; ** ikkje spesifisert før i 2012; # før 2012 skilte vi ikkje på type varetekt.

Det går klart fram av tabell V.1 at prosentdelen som ikkje ønskte seg utdanning i fengslet gjekk opp i 2015 blant dei som sat med dom (28,8 prosent); det same gjaldt innsette i varetekt før dom (21,3 prosent). Innsette i forvaring er få i denne undersøkinga, noko som kan gjer store utslag i prosenttala. Skilnaden mellom innsette i dei to typane varetekt var ikkje særleg stor i 2015, slik som det heller ikkje var i 2012. I 2012 konkluderte vi med at omtrent fjerdeparten av dei innsette ønskte seg kurs. Dette gjaldt same mengda innsette med dom i 2015. Vi kan ikkje sjå bort frå at dette (også) kan dreia seg om kursaktivitet som er knytt til den institusjonaliserte opplæringa, som til dømes vidaregåande opplæring er. Dei innsette ser med dette ikkje for seg lange utdanningsløp, som nokon kan oppfatta vidaregåande opplæring til å vera. Det må i tillegg nemnast at av dei som ønskte seg vidaregåande opplæring var det i underkant av to av tre (66,0 prosent) som ville ha yrkesfaglege program i fengslet, resten studieførebuande program.

Tidlegare har vi sett at lengda på dommen som dei innsette har, har konsekvensar for korleis dei ser på sjansane til å ta utdanning i fengsel. Situasjonen for dei som sit i varetekt utan dom er vesentleg ulik det som gjeld for andre innsette. Dei har enno ikkje fått endeleg dom, og kan dømmast til varetekt for fire veker i gongen (i spesielle tilfelle kan ein få lenger varetektsdom). Tabell V.2 inkluderer såleis ikkje dei som sit i varetekt utan dom.

Tabell V.2. Innsette sine utdanningsønske i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt utan dom). Prosenttal.

Domsleigd	År	Ingen ønske	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Fag-skule*	Univ./høgskule	Kurs
Under 3 mnd	2009	51,8	0,7	6,1	2,5	3,2	-	3,6	32,0
	2012	33,0	0,5	2,7	3,8	12,6	1,6	4,4	41,2
	2015	53,2	1,0	6,0	1,5	10,4	1,0	2,0	24,9
3 til 12 mnd	2009	39,5	2,0	15,8	4,7	5,3	-	3,5	29,2
	2012	22,9	1,4	7,7	9,1	21,2	1,9	6,3	29,5
	2015	30,7	1,3	6,2	8,5	17,3	2,3	3,6	30,0
1 til 5 år	2009	26,7	3,4	10,9	8,0	12,9	-	14,1	23,9
	2012	14,7	2,6	5,0	9,2	23,9	5,0	15,7	23,9
	2015	20,9	1,3	7,3	8,0	24,9	4,1	13,8	19,8
Meir enn 5 år	2009	9,3	1,3	13,9	7,9	13,2	-	37,1	17,2
	2012	9,9	2,3	1,2	4,1	24,6	5,8	41,5	10,5
	2015	10,4	1,6	5,5	7,7	31,3	4,4	25,8	13,2

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Lengda på dommen har tidlegare vist seg å ha mykje å seia for kor stor del som ønskjer seg utdanning i fengslet, og det faktum endra seg ikkje i 2015, sjølv om prosentdelen som ikkje ønskjer opplæring i fengslet har gått opp. I dei kortaste soningslengdegruppene gjekk prosentdelen som *ikkje* ønskte seg opplæring i fengslet ned i 2012, samanlikna med 2009, men altså opp att i 2015. Blant dei med lengst dom (meir enn fem år) har prosentdelen vore den same i alle tre undersøkingsåra, omtrent ein av ti. Vi har i tidlegare rapportar lagt vekt på at blant dei med kortast dom var det meir enn halvparten i 2009 som *ikkje* ønskte seg opplæring i fengslet; i 2012 gjaldt det ein av tre. Dette steig til godt over halvparten i 2015. Vi såg i 2012 at prosentdelen som ønskte seg tre år vidaregåande opplæring auka då; i 2015 gjaldt dette berre innsette i dei to lengste domsgruppene. I 2015 var det blant dei med lengst dom vi ser den klart største delen som såg for seg universitets- eller høgskuleutdanning, sjølv om også den prosentdelen gjekk ned (25,8 prosent).

Korleis skil utdanningsønska i fengslet seg når det gjeld dei innsette sin alder? Vi brukar dei same alderskategoriane som tidlegare, og ser nærare på dette i tabell V.3.

Tabell V.3. Prosent innsette sitt utdanningsønske i fengslet etter aldersgrupper.

Alder	År	Ingen ønske	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Fag-skule*	Univ./høgskule	Kurs
18 til 24 år	2009	34,0	3,0	19,1	10,6	8,5	-	6,0	18,7
	2012	16,9	0,5	11,7	17,8	28,2	2,3	4,7	17,8
	2015	21,1	2,3	12,4	18,8	32,1	1,4	4,6	7,3
25 til 34 år	2009	29,5	1,4	16,5	6,0	9,5	-	13,7	23,3
	2012	12,2	2,7	5,1	6,4	27,7	3,7	20,9	21,3
	2015	21,9	1,2	8,3	8,5	25,1	4,1	11,4	19,5
35 til 44 år	2009	31,9	3,2	10,3	4,3	7,5	-	14,1	28,7
	2012	18,5	1,7	3,4	5,8	20,5	5,5	18,5	26,0
	2015	25,0	1,7	4,7	3,9	20,3	3,1	11,9	29,4
Over 44 år	2009	38,6	1,5	4,1	4,1	5,6	-	10,1	36,0
	2012	29,3	2,2	2,6	0,4	6,9	4,3	15,5	38,8
	2015	38,3	1,3	3,9	2,6	11,3	3,7	11,3	27,6

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Mønsteret er framleis nokså klart. Dess eldre dei innsette er, dess større er prosentdelen som ikkje ønskjer seg utdanning eller opplæring i fengslet, men likevel med ein liten nyanse i 2015. Prosentdelen som ikkje ønskte seg opplæring i fengslet i dei to yngste aldersgruppene var nær identisk i 2015-undersøkinga. Prosentdelen som ikkje ønskte seg opplæring totalt sett steig altså i 2015, og det gjaldt i alle aldersgruppene. Igjen er det treårig vidaregåande opplæring som skil seg noko ut. Prosentdelen som ønskte seg det steig nemleg i 2015 når det gjeld dei yngste og

dei eldste, elles er delen der uendra. Ønske om kurs blir ofte nemnt av ein stor del innsette, og prosentdelen som ville ha det stig ein del med alderen. Meir enn ein av fire i dei to eldste aldersgruppene gav uttrykk for det.

Ein litt større del kvinner enn menn sa at dei ikkje ønskte utdanning eller opplæring i fengslet i 2015 (tabell V.4), slik det òg var i 2012, men dette er noko ulikt slik det var i 2009. Vi ser elles at nesten tre gonger så mange menn som kvinner ytra ønskje om universitets- eller høgskuleutdanning i 2015.

Tabell V.4. Innsette sitt utdanningsønske i fengslet etter kjønn. Prosent*.

Utdanningsønske	Kvinner			Menn		
	2009	2012	2015	2009	2012	2015
Ingen ønske	33,7	24,3	31,6	32,9	18,8	26,8
Grunnopplæring	4,8	4,1	2,5	1,9	1,6	1,4
Vgo 1. år	10,6	4,1	11,4	12,9	5,2	6,6
Vgo 2. år	2,9	8,1	3,8	6,2	7,2	7,5
Vgo 3. år	6,7	18,9	19,0	8,1	21,8	21,3
Fagskuleutdanning**	-	4,1	2,5	-	3,9	3,3
Univ. eller høgskule	9,6	9,5	3,8	11,9	14,9	10,8
Kurs	31,7	27,0	25,3	26,0	26,5	22,1
(N) = 100 %	(104)	(74)	(79)	(1 199)	(1 201)	(1 382)

* Merk at prosentueringsgrunnlaget for kvinner og menn er ulikt; ** ikkje spesifisert før i 2012.

Der er variasjonar i kor stor del kvinner og menn som ønskte vidaregåande opplæring innanfor dei tre nivåa i 2015, men med nivåa slått saman så er dette nokså likt for menn og kvinner. Av kvinnelege innsette ønskte 34,2 prosent vidaregåande opplæring; dette gjaldt 35,4 prosent av mennene.

Det kan vera fleire grunnar til at dei innsette ikkje ønskjer seg utdanning medan dei er under soning. Nokre av grunnane kan vera å finna i det fengslet dei er; andre gonger er det individuelle grunnar, som at dei føler seg for gamle eller at dei har nok utdanning. På direkte spørsmål om kva dei innsette føretrekte under soning i 2012 sa i underkant av kvar femte (18,5 prosent) at dei ønskte å jobba i fengslet, 26,9 prosent ville berre ha arbeid, medan resten 54,6 prosent, ville kombinera dei to aktivitetane. I 2015-undersøkinga fekk innsette som ikkje heldt på med opplæring i fengslet, 21 grunnar som dei skulle vurdere i kva grad dei oppfatta som hinder for å ta del i opplæring i fengslet. Grunnane varierer frå det som er personlege ønske og behov, tilboda i fengslet og til forholda i fengslet. Dette er rapportert nærare for om i ein eigen rapport (Manger mfl., 2016). I føreliggjande rapport ser vi litt nærmare på korleis tre av grunnane som vart oppgitt som hinder for å ta opplæring i fengslet samvarierer med kva utdanningsønske desse innsette har: a) fordi fengslet ikkje hadde gitt nok informasjon, b) fordi dei venta på plass eller c)

fordi opplæringstilbodet som fengslet hadde ikkje var interessant nok. Dette blir samanlikna med tal frå 2012-undersøkinga.

Med utgangspunkt i berre innsette som hadde kryssa av for dei nemnde grunnane (hindra) som blir tatt opp i tabell V.5, så har prosentdelen innsette som ikkje ønskte seg opplæring i fengslet nær dobla seg sidan 2012. Likt 2012-undersøkinga var det ein stor del som venta på plass, men som likevel ikkje ønskte seg utdanning i fengslet (7,7 og 13,2 prosent). Forklaringa kan vera at dette er innsette som gjerne skulle ha sett livssituasjonen sin annleis, eller det kan vera at dei ikkje har fått høve til å arbeida i fengslet, som dei kan ha føretrekt framfor den utdanninga som dei ventar på.

Tabell V.5. Prosent innsette sine utdanningsønske i fengslet etter tre grunnar til at dei ikkje heldt på utdanning.

Utdanningsønske	Grunnar til ikkje å ta utdanning i fengslet					
	Ventar på plass		Ikkje interessante nok tilbod		Ikkje god nok informasjon	
	2012	2015	2012	2015	2012	2015
Inga utd. i fengsel	7,7	13,2	20,9	40,9	16,0	32,7
Grunnopplæring	3,8	2,4	0,9	2,0	4,3	2,0
Vgo 1. år	9,0	10,2	2,7	4,3	5,3	5,4
Vgo 2. år	10,3	6,6	4,5	3,0	3,2	5,7
Vgo 3. år	25,6	21,6	20,0	11,6	13,8	15,0
Fagskuleutdanning	5,1	3,6	3,6	2,0	3,2	2,5
Høgare utdanning	9,0	10,8	15,5	6,8	16,0	7,4
Kurs	29,5	31,7	31,8	29,3	38,3	29,5
(N) = 100 %	(78)	(167)	(110)	(396)	(94)	(407)

Prosentdelen som ønskte seg kurs er omtrent den same, uansett kva grunnen for ikkje å ta utdanning var, også i 2015. Størsteparten av dei som venta på plass ønskte seg vidaregåande opplæring (38,4 prosent til saman), litt mindre del enn i 2012 (44,9 prosent). Blant innsette som hadde markert for dei to andre grunnane gjekk prosentdelen som ønskte seg universitets- eller høgskuleutdanning ned i 2015 samanlikna med 2012.

VI. Sjølvvurdering av dugleik

Dei innsette fekk òg denne gongen høve til å vurdera dugleikane sine innanfor dei fem områda lesing, skrivning, rekning (omgrepet matematikk vart brukt i 2009), ikt-bruk og munnleg (det siste var ikkje med i 2009). Denne eigavurderinga vart gjort i tillegg til ei sjølvrapportering av *opplevde vanskar* når det gjeld lesing, skrivning og rekning. Det siste vart også gjort i 2004- og 2006-undersøkingane. Sjølvrapporterte vanskar blir tatt opp i neste kapittel. Her ser vi først nærare på dei innsette sine egne vurderingar av kor gode dei var innanfor dei fem nemnde områda.

2009 var det nesten to av tre innsette som vurderte dugleiken i lesing til å vera 'svært god' eller 'god'; ein litt mindre del i skrivning (57,1 prosent) og endå færre i matematikk (37,4 prosent) og ikt-bruk (35,4 prosent). Dette var nokså likt i 2012: Sju av ti innsette vurderte då dugleiken i lesing til å vera 'god' eller 'svært god': seksti prosent sa det om skrivning; noko færre i rekning (46,5 prosent); og omtrent det same når det gjaldt ikt-bruk (42,6 prosent). To av tre sa at dei var 'gode' eller 'svært gode' i munnleg. I tabell VI.1 finn vi korleis dette såg ut i 2015.

Tabell VI.1. Dei innsette sine sjølvvurderingar av dugleik i lesing, skrivning, rekning, bruk av ikt og munnleg. Prosent.

	Lesing	Skriving	Rekning	Ikt	Munnleg
Svært svak	2,5	3,6	8,2	7,6	1,8
Svak	5,8	9,2	16,4	16,9	6,7
Middels	21,1	25,6	30,5	32,6	20,3
God	33,8	32,6	28,5	25,9	36,0
Svært god	36,7	29,0	16,4	16,9	35,2
(N) = 100 %	(1 436)	(1 437)	(1 434)	(1 434)	(1 437)

Meir enn sju av ti innsette i 2015-undersøkinga vurderte seg sjølve til å vera 'god' eller 'svært god' når det gjeld lesing; tilsvarande litt fleire enn seks av ti i skrivning; i rekning gjaldt det så godt som 45 prosent av dei innsette; i ikt var det i overkant av fire av ti som sa at dei vurderte seg sjølve til å vera 'god' eller 'svært god'; meir enn sju av ti sa det om munnleg dugleik. Innan alle fem områda var det altså ein større del i 2015 enn i 2012 som vurderte seg som 'gode' eller 'svært gode'.

Går vi attende til 2009 så var det innan matematikk at den største delen innsette sa at dei var 'svært svake' (9,7 prosent), deretter i ikt-bruk (14,1 prosent). I 2012 var det 7,2 prosent som sa at dei var svake i ikt-bruk; 6,6 prosent hevda det same når det gjaldt rekning. Tabell VI.1 viser at i 2015 sa 8,2 prosent at dei var 'svært svake' i rekning; 7,6 prosent sa det om ikt-bruk.

Korleis ser så dette ut når vi ser dette opp mot dei innsette sin alder (tabell VI.2)? Eit relativt klart mønster trer fram. Svært få gjev uttrykk for at dei er svake i lesing,

skrivning og munnleg, uansett alder. Prosentdelen som seier dei er 'svært gode' i lesing, skrivning og rekning stig med alderen, slik som i 2012-undersøkinga. Når det gjeld dei som er 'svært gode' i ikt-bruk, så gjekk den prosentdelen klart ned med stigande alder i 2012. Dette var ikkje like klart i 2015-undersøkinga. Der var prosentdelen som sa at dei var 'svært gode' i den eldste gruppa på høgde med dei to yngste aldersgruppene. Likevel så stig prosentdelen innsette som seier at dei er 'svært svake' i ikt med stigande alder, også i 2015.

Tabell VI.2. Dei innsette sine sjølvvurderingar av dugleik i lesing, skrivning, rekning, bruk av ikt og munnleg framstillingsevne. Prosenttal etter aldersgrupper.

	18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
Lesing				
Svært svake	2,3	3,4	2,2	1,3
Svært gode	28,2	31,9	40,1	44,8
Skriving				
Svært svake	3,8	4,4	3,6	2,1
Svært gode	20,7	25,1	29,4	38,9
Rekning				
Svært svake	13,2	8,4	8,9	4,3
Svært gode	9,4	11,0	17,3	26,6
Ikt				
Svært svake	3,3	4,0	7,8	14,0
Svært gode	20,3	17,9	12,6	17,5
Munnleg				
Svært svake	1,4	2,7	0,8	1,3
Svært gode	29,6	34,9	33,6	39,7

I 2009 sa 17,9 prosent av dei yngste at dei var svake i matematikk; i 2012 sa 11,3 prosent tilsvarande (2009 og 2012 er ikkje vist i tabell her). Dette gjaldt 13,2 prosent av dei yngste i 2015. Ikt-bruken var det dei yngste som var mest fortrulege med, der omtrent ein av sju (13,6 prosent) sa at dei var 'svært gode' i 2009; i 2012 gjaldt det meir enn ein av fem i den aldersgruppa (22,3 prosent); i 2015 gjaldt det akkurat ein av fem (20,3 prosent). Dugleik i munnleg samvarierte svakt med alderen til dei innsette i 2015; dess eldre dess litt større del sa at dei var 'svært gode'.

Det er ein del skilnader mellom mannelege og kvinnelege innsette når det gjeld sjølvvurdering av denne kompetansen. Først og fremst er det slik at kvinner i fengsel i større grad enn menn har kryssa av for at dei er 'svært gode' i lesing og skrivning (48,1 mot 36,1 prosent i lesing; 42,9 mot 28,2 prosent i skrivning). Desse tala er nær identisk med det som var tilfelle i 2012-undersøkinga.

I rekning (matematikk) var dette klart omvendt i 2009, men ikkje like klart i 2012, då 9,7 prosent av kvinnene sa at dei var 'svært svake' mot 6,4 prosent av mennene. I 2015 derimot var prosentdelen kvinner som sa at dei var 'svært svake' i rekning nær det doble av det som gjaldt mennene (14,3 mot 7,9 prosent). I den andre enden av skalaen sa 14,3 prosent av kvinnene at dei var 'svært gode' i rekning, omtrent likt med mannleg innsette (16,5 prosent), også i 2015. I sjølvvurdert dugleik i ikt-bruk var det ingen systematisk skilnad mellom kjønna, bortsett frå at ein klart større del av kvinnene sa at dei vurderte seg sjølve som 'middels'. I 2012 var det ingen skilnad mellom menn og kvinner i fengsla når det gjaldt munnleg dugleik. I 2015 derimot var det ein klart større del kvinner som sa at dei var 'svært gode' (49,4 prosent mot 34,4 prosent av mennene

VII. Sjølvvurdering av lærevanskar

I tillegg til å vurdere og rapportera om dugleikane sine (kap. VI) vart dei innsette også bedne om å vurdere *vanskar* som dei eventuelt har når det gjeld lesing, skrivning og rekning. Desse vurderingane gjorde dei innsette også i 2012, 2009, 2006 og 2004 og heng saman med det som vart drøfta i førre kapittel, dugleikar.

I 2004 var det omtrent to av tre (68,4 prosent) som rapporterte om *ingen* vanskar i lesing eller skrivning; 61,7 prosent rapporterte at dei ikkje hadde noko vanskar i matematikk (omgrepet som vart brukt då og i 2006). Tilsvarande var det nokre færre i 2006-undersøkinga (62,8 prosent) som rapporterte om ingen vanskar i lesing eller skrivning, og ein god del færre som rapporterte om ingen vanskar i matematikk (52 prosent). I 2009-undersøkinga endra dette seg mykje når det gjaldt matematikk, der berre 28,5 prosent sa at dei ikkje hadde vanskar. Tilsvarande tal for innsette utan vanskar i lesing og skrivning i 2009 var 61,0 prosent og 50,8 prosent. Prosentdelen som sa at dei *ikkje* hadde vanskar i rekning steig litt att i 2012, til 35,4 prosent. Når det gjaldt lesing og skrivning, var prosentdelen utan vanskar i 2009 og 2012 omtrent identisk. Knappt kvar tjuande innsett sa at dei hadde svært store vanskar i lesing; kvar femtande hadde det i skrivning og omtrent kvar sjuande sa det om rekning i 2012.

Tabell VII.1. Dei innsette sin sjølvrapporterte grad av vanskar i lesing, skrivning og rekning. Prosenttal.

Grad av vanske	Lesing	Skriving	Rekning
Ingen	58,4	51,4	34,8
Ja, men berre litt	17,9	21,2	24,6
Ja, i noko grad	14,6	19,7	26,4
Ja, i svært stor grad	6,1	7,7	14,2
(N) = 100 %	(1 435)	(1 435)	(1 429)

Korleis dette såg ut i 2015 finn ein i tabell VII.1. Endringane er ikkje store, knapt å spora. I underkant av seks av ti sa at dei ikkje hadde vanskar i lesing; litt over halvparten sa det om skrivning og omtrent kvar tredje sa at dei ikkje hadde vanskar i rekning. Fordelinga elles er nær identisk med det vi kunne sjå i 2012-rapportering (ikkje vist i tabell her).

I 2004 vart det avdekt at lese- eller skrivevanskar var mest å finna blant dei yngste. Dette var ein statistisk samanheng som ikkje var like klar i 2006-undersøkinga. I 2009-undersøkinga derimot var den statistiske samanhengen mellom vanskar og alder relativt klar igjen. Det var då konsekvent slik at den største delen innsette som sa at dei *ikkje* hadde vanskar var i den eldste gruppa, dvs. over 44 år (70,1 prosent

i lesing; 64,7 prosent i skrivning og 41,9 prosent i matematikk). I 2012 var det meir enn tre av fire i den eldste gruppa (76,8 prosent) som sa dei ikkje hadde vanskar i lesing: meir enn to av tre (68,6 prosent) sa at dei ikkje hadde det i skrivning og godt over halvparten (57,0 prosent) sa at dei ikkje hadde det i rekning. Prosentdelen utan vanskar var jamt over fallande med alder i 2012, som han var det i tidlegare undersøkingar.

Tabell VII.2 viser korleis dette såg ut i 2015-undersøkinga. Her finn vi ein systematisk samanheng mellom alder og graden av dei tre typane vanskar, men òg ei endring samanlikna med tidlegare studiar av innsette. Den høgaste delen innsette med vanskar i svært stor grad i lesing finn vi i den nest eldste aldersgruppa (7,6 prosent). Elles noterer vi oss at i den eldste gruppa så var det ein litt mindre del som sa at dei *ikkje* hadde slike vanskar i 2015 samanlikna med 2012 (2012-tal er ikkje vist i tabell her). Utover det så er totalbiletet det same.

Tabell VII.2. Prosent innsette med sjølvrapporterte lese-, skrive- eller reknevanskar etter alderskategori.

	18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
Grad av vanskar i lesing				
Ingen	46,9	54,1	62,4	67,2
Ja, men berre litt	26,3	19,5	15,2	13,4
Ja, i noko grad	21,6	19,9	14,9	14,8
Ja, i svært stor grad	5,2	6,6	7,6	4,6
Grad av vanskar i skrivning				
Ingen	41,8	44,5	55,5	62,1
Ja, men berre litt	23,5	24,9	20,0	16,4
Ja, i noko grad	26,3	22,4	16,1	15,6
Ja, i svært stor grad	8,5	8,2	8,5	5,9
Grad av vanskar i rekning				
Ingen	17,9	29,4	35,8	51,2
Ja, men berre litt	31,1	26,5	21,4	21,3
Ja, i noko grad	33,5	28,6	27,0	17,8
Ja, i svært stor grad	17,5	15,5	15,8	9,7

Menn og kvinner i fengsel var litt ulike når det gjaldt lese- eller skrivevanskar i 2006, men skilnadene var den gongen noko mindre enn i 2004. I 2009 fann vi igjen skilnader når det gjaldt prosentdelen kvinner og menn som sa at dei *ikkje* hadde vanskar i lesing og skrivning, og underforstått skilnad i kor stor del som då sa at dei hadde det. I 2009 var det sju av ti (70,6 prosent) kvinnelege innsette som sa at dei ikkje hadde vanskar i lesing, mot 60,2 prosent av mennene; 64,4 prosent av kvinner i

fengsel i 2009 sa at dei ikkje hadde vanskar i skriving, mot 49,7 prosent av mennene den gongen. Når det gjaldt vanskar i matematikk, var det omvendt i 2009. Knappt kvar femte kvinne i fengsel (18,8 prosent) sa at ho ikkje hadde vanskar i matematikk, mot knappe kvar tredje mannleg innsett (29,3 prosent).

Tal frå 2012-undersøkinga var svært like når det gjeld grad av vanskar i lesing og skriving samanlikna med 2009-undersøkinga. Blant mennene var det 59,7 prosent som rapporterte om ingen vanskar i skriving; 72,2 prosent av kvinnene. Dette er tal som var nær identisk i 2015 (57,6 prosent av mennene; 73,1 prosent av kvinnene hadde ingen vanskar i lesing). I 2012 var det så 50,7 prosent mennene som rapporterte om ingen vanskar i skriving; 65 prosent av kvinnene gjorde det. Igjen er det likskap med 2015-tala, 50,6 prosent av mennene og 65,4 prosent av kvinnene var utan vanskar i skriving. I rekning endra tala seg noko i 2012 samanlikna med 2009, då prosentdelen som rapporterte om ingen vanskar var nesten lik (kvinner 36,1 prosent; menn 35,3 prosent). Skilnaden mellom kjønnva var ikkje særleg stor i 2015 heller; 35,0 prosent av mennene rapporterte om ingen vanskar i rekning; det same gjaldt 32,1 prosent av kvinnene. Her er det likevel ein liten nyanse som står fram: Kvar fjerde kvinnelege innsette sa i 2015-undersøkinga at ho hadde svært store vanskar i rekning, 13,5 prosent av mennene sa det same. Når det gjeld vanskar 'i noko grad', så var det nemleg omvendt, der meir enn kvar fjerde mann sa at dei hadde vanskar mot kvar sjette kvinne.

VIII. Oppsummering og drøfting

Dei siste åra har gitt ei endring når det gjeld soning og kva som kjenneteiknar fangepopulasjonen i Noreg. Ein del av dei innsette (3 229 i 2015) sonar no heile eller delar av straffa si med elektronisk kontroll (EK), populært kalla fotlenke. Dette er meir en fire gonger så mange som i 2009 og meir enn dobbelt så mange som i 2012. Skarøhamar (2013) har vist at dei som får sona med EK har kjenneteikn som avvik frå dei som ikkje får gjere det. Enkelt sagt dreier desse avvika seg om at dei innsette har ein sosial bakgrunn og ein sosial posisjon som i seg sjølv truleg yter bidrag til at dei får sona på den relativt frie måten som EK er. Då Skarøhamar undersøkte dette var EK relativt nytt og lite utbreidd i Noreg; sidan 2014 gjeld det heile landet. Såleis veit vi ikkje sikkert at det som kjenneteikna innsette med EK for nokre år sidan er det same som no, men vi har heller ingen grunnar for å avvisa det.

Vi ser truleg fleire indikatorar på denne endringa blant respondentane i 2015-undersøkinga. Ein av dei er ein kraftig nedgang i undervisningsaktivitet i fengslet blant innsette. Det kan hevdast at når utdanningsnivået til dei innsette stig, som er tilfelle, så går utdanningsaktiviteten i fengsla ned, dersom det er slik at dei innsette er metta med utdanning. På den andre sida er det å ha interesse for å skaffa seg kunnskap og viten like gjerne ein akkumulerande eigenskap, mykje vil (ofte) ha meir. Dette er noko som vi har sett i tidlegare undersøkingar av dei innsette: også dei med fullført utdanning eller opplæring, uansett nivå, aspirerer til meir utdanning. I løpet av heile 2015 utgjorde dei som sona med EK det som svarer til ein heil fangepopulasjon til ei kvar tid i norske fengsel, uansett statsborgarskap.

Vidare har vi konstatert at dei innsette i 2015-undersøkinga var akkurat eitt år eldre enn tilsvarende undersøking i 2012 og halvtanna år eldre enn dei i 2009. Vi kan såleis ikkje sjå bort frå at dei innsette i 2015-undersøkinga faktisk har andre eigenskapar og kjenneteikn enn i tidlegare undersøkingar, og at dette har skapt ein del uventa resultat i våre analysar, bl.a. det at opplæringsaktiviteten i fengsla har gått ned samanlikna med 2012-undersøkinga.

Rapporten omhandlar kompetanse som både utdanning og arbeidsrøynsle ein har før ein sonar. Begge kan utvidast eller etablerast i fengslet. Samanlikna med kva som kjenneteikna det norske folk i Statistisk sentralbyrå sin utdanningsstatistikk (SSB, 2016) hadde dei innsette i 2015-undersøkinga eit utdanningsnivå som skil seg på fleire måtar og som utviklar seg annleis: For det første er prosentdelen med grunnopplæring som høgaste fullførte utdanning på nivå med det som folket under eitt hadde på slutten av 1970-talet. For det andre så er prosentdelen innsette med vidaregåande opplæring som høgaste fullførde på nivå med det som folket i Noreg hadde på 1960-talet, men prosentdelen har stige blant innsette, frå 28,5 prosent i 2009 til 36,9 prosent i 2015. Prosentdelen som har universitets- eller høgszkuleutdanning har vore eit relativt stabilt tal blant dei innsette i våre undersøkingar, men likevel med ein liten auke frå undersøking til undersøking, 12,4 prosent i 2009, 13,0 prosent i 2012 og 13,8 prosent i 2015. Denne delen svarer til det som kjenneteikna det norske folk godt ut på 1980-talet, men er likevel langt frå det som gjeld folket i Noreg pr. 2015, nemleg 32,2 prosent.

Ein del av skilnaden mellom innsette og heile det norske folk under eitt kjem av at innsette truleg har eit anna tidsløp når det gjeld utdanning og opplæring. Situasjonen som dei er i har skapt avbrot i utdanninga, og mange av dei held på med vidaregåande opplæring noko seinare i livet enn dei som går rett frå grunnopplæringa. Andre har ikkje gjort seg ferdige med så mykje at dei fell inn under definisjonen av «fullført vidaregåande opplæring». Det at dei faktisk held på med opplæring er også ein funksjon av den strukturelle endringa i norske fengsel, t.d. at sjølve utdanningstilbodet i fengsla er blitt utvida. Det viktigaste er likevel at alle fengsla no tilbyr skulegang eller opplæring i ei eller anna form, noko som ikkje var tilfelle då vi gjorde undersøkingane i 2004 og 2006.

Dei innsette sin arbeidskompetanse har i hovudsak vore ufaglært arbeid. Dette gjaldt meir enn seks av ti i 2009, og både i 2012 og i 2015 var prosentdelen litt over femti. Det som endra seg i 2015-undersøkinga når det gjeld arbeid, er at prosentdelen som *aldri* har hatt arbeid gjekk frå 6,7 prosent i 2012 til 11,6 prosent i 2015. Med andre ord hadde kvar niande norske innsett i 2015, på undersøkingstidspunktet, aldri vore i arbeid, noko som gir ei viss støtte til Skarøhammer (2013) sine funn om at innsette med EK har høgare inntekt enn innsette i fengsel, og som såleis gjev ein byggestein til påstanden om at utbreiinga av soning med EK endrar fangepopulasjonen i fengsla. Det er sjølvsagt ikkje overraskande at det blant dei yngste er ein større del som ikkje har hatt arbeid enn blant andre, men det er likevel eit faktum at prosentdelen utan arbeidsrøynsle har stige i alle fire aldersgruppene som vi syner dette for. Prosentdelen med faglært arbeidsrøynsle har vore stabil i dei tre siste undersøkingane, i overkant av ein av tre når vi ser alle under eitt, men den delen var relativt mykje høgare i den eldste aldersgruppa (dei over 44 år) i den siste undersøkinga. Vi legg merke til at blant kvinnene i fengsla steig prosentdelen som både har hatt faglært arbeid og arbeid som krev høgare utdanning. Det siste gjaldt ein klart større del kvinner enn menn i 2015, noko annleis enn tidlegare undersøkingar då dette var nær det same for menn og kvinner.

Dess lenger dom den innsette har dess større er sjansen for at vedkommande held på med utdanning eller opplæring. Dette har vi sett i alle undersøkingane av dei innsette og den siste undersøkinga rokkar ikkje ved det. Eit par nyansar har likevel vist seg i dei to siste undersøkingane. Vi bad dei innsette om meir detaljerte opplysningar om domslengda enn tidlegare. Delen innsette som heldt på med utdanning og opplæring steig særleg for dei med domslengde på over seks månader og opp til fem år. Utdanningsaktiviteten flata ut etter det, og i 2015-materialet var det, med små variasjonar, omtrent 60 prosent av dei innsette som heldt på med utdanning uansett kor lang dom dei hadde utover fem år. Interessant er det å sjå at den største aktiviteten finn stad før dei innsette har sona to tredjepartar av dommen sin. I tillegg har vi i 2015-undersøkinga også observert at timeaktiviteten pr. veka stig med lengda på dommen, dvs. det er den klart største delen (37,8 prosent) av dei med dom over fem år som har ein utdanningsaktivitet på over 24 timar i veka. Etersom nesten kvar fjerde innsett (23,5 prosent) kombinerer arbeidsaktivitet med opplæring eller utdanning, så er biletet likevel noko meir nyansert når det gjeld lengda på dommen.

Vi har i tidlegare undersøkingar sett at innsette som held på med opplæring eller utdanning i fengslet, stort sett er nøgde med det som dei får. Dette må då sjåast i lys av at det i siste undersøkinga var nesten seks av ti som *ikkje* heldt på med opplæringsaktivitet under soninga. Kva som er eller blir opplevd som hinder for å ta utdanning i fengslet er gjort greie for i ein eigen rapport (Manger mfl., 2016).

Mest nøgde med opplæringsaktiviteten er, og har vore, dei som har halde på med vidaregåande. I 2015 gjaldt det òg dei som heldt på med grunnopplæring. Minst nøgde var dei som heldt på med høgare utdanning. Ein del av forklaringa er at fengsla ikkje har ansvar for det siste, og dei innsette må sjølve i større grad organisera det som skal til her, med alle dei hinder og vanskar dei då opplever, t.d. kostnader med litteraturinnkjøp, vanskar med (eller umogeleg) å følgja undervisinga og studieaktiviteten som føregår utanfor fengslet, og ikkje minst vanskar med avgrensa tilgang til elektronisk kommunikasjon. Innsette som sonar under eit tryggingsregime med høgt nivå opplever truleg desse vanskanane i større grad enn andre, men vi har sett at sjølve aktivitetsnivåa når det gjeld utdanning og opplæring ikkje skil seg særleg frå dei innsette som sonar på lågt tryggingsnivå. Det at innsette på høgt tryggingsnivå heller ikkje uttrykkjer meir misnøye enn dei på lågt i evalueringa av opplæringsaktiviteten, kan vera ein konteksteffekt; dei innsette ventar det ikkje annleis innanfor det tryggingsregiment som dei er i.

Likt andre borgarar i samfunnet har dei innsette rett til vidaregåande opplæring. Her gjeld både ungdomsrett og vaksenrett. Det å ha slik rett er først og fremst avhengig av at dei innsette har fullført grunnopplæringa og at dei ikkje har brukt opp retten, dvs. fullført vidaregåande opplæring. Vaksenretten slår inn når ein har passert det året som ein fyller 24 år. Vaksne utan rett kan òg passast inn i vidaregåande opplæring av fylkeskommunen dersom der er plassar ledig. Vi har nytta opplysningane om fullført utdanning og utdanningsaktivitet i fengslet for å estimera kor stor del av den aktuelle fangepopulasjonen (norske statsborgarar) i undersøkingsveka som hadde rett til vidaregåande opplæring. Uansett kva som var alderen til dei innsette og om dei brukte retten sin eller ikkje, så var det seks av ti innsette (58,5 prosent) som hadde rett til vidaregåande opplæring. Ikkje alle brukar retten sin, av ulike grunnar. Det kan vera at der ikkje er plass i opplæringa eller det kan vera at dei innsette ikkje vil ta del i ho. Det var 28,5 prosent som hadde rett, men som ikkje brukte han. Estimert til råtal som då gjeld heile den norske fangepopulasjonen i den aktuelle veka i oktober 2015, var det altså 716 innsette som ikkje brukte retten sin og 818 som hadde rett og som brukte han.

Dei innsette har i hovudsak to utdanningsønske, treårig vidaregåande opplæring (omtrent ein av fem) og kurs (også omtrent ein av fem), men det er ein større del som *ikkje* vil ha utdanning eller opplæring i fengslet (27,1 prosent). Om vi slår i hop alle dei som nemner vidaregåande opplæring uansett nivå, så var det 35,3 prosent av dei innsette som ytra ønskje om vidaregåande opplæring i 2015. Vi konstaterte at 24,2 prosent heldt på med det. Slik sett er det ein diskrepans mellom prosentdelen som ønskte det og prosentdelen som heldt på med det. Vi skal likevel ikkje ta for gitt at denne diskrepansen er heilt reell. Innsette som seier at dei tek kurs i løpet av soninga kan gå på kurs som sorterar under det som er vidaregåande opplæring utan at dei sjølv rapporterer det. Omtrent ein av åtte innsette sa at dei heldt på med kurs i 2015-undersøkinga. Når det gjeld anna type utdanning, så var det ein av ti som sa at dei vil ha universitets- eller høgskuleutdanning. Desse lenger dommen er, dess større del ønskjer seg anten opplæring eller utdanning.

I tidlegare undersøkingar har det blitt konstatert at ein del innsette har læringsvanskar (sjølvrapporterte). Undersøkinga i 2015 viser òg det: Fire av ti, uansett alder og kjønn sa at dei har vanskar (i ein eller annan grad) i lesing; ein av to sa at dei har det i skrivning; to av tre i rekning. Kjønn- og aldersskilnader som vi har sett tidlegare er å sjå i den siste undersøkinga. Kvinner har færre problem i lesing og skrivning enn kva

menn har. I rekning har det tradisjonelt vore omvendt. Dei to siste undersøkingane viste derimot at i rekning var det omtrent ein lik del kvinner og menn i fengsel som sa at dei *ikkje* hadde vanskar i rekning, eller at dei berre hadde litt vanskar. Prosentdelen kvinner som sa at dei har *store* vanskar i rekning var derimot dobbelt så som hos mannelege innsette.

Merksemd og kunnskap om slike vanskar har truleg gitt bidrag til ein del aldersvariasjon. Dess eldre dei innsette er, dess færre rapporterer vanskar; det gjeld både i lesing, skriving og i rekning. Forklaringane kan vera fleire. Det kan vera at dess eldre ein er, dess mindre behov har ein for å kunna skriva, lesa og rekna. Det kan òg vera tilfelle at dess eldre ein blir dess betre handterer ein slike vanskar. Kunnskap om og aksept for slike vanskar har endra seg over tid. Slik sett kan det vera tilfelle at dei eldste i fengslet rett og slett ikkje har hatt same kunnskapen og merksemda omkring dette som vanske, slik som yngre generasjonar har fått det. Dermed kan det vera at dei eldste i fengslet i større grad enn yngre underrapportere slike vanskar anten fordi dei ikkje er klar over det (er ikkje blitt diagnostiserte) eller fordi dei ikkje vil innrømma det, det kjennest tabulagt.

Praktiske følgjer for utdanning i fengsel

Opplæringa i kriminalomsorga skal vera *kunnskapsbasert*. Det vil seia, slik vi ofte tolkar dette omgrepet, at ho skal ha rot i både forskingsbasert kunnskap og god erfaringsbasert kunnskap. Det er ikkje tale om ein rein «kokebokpraksis», men praksis som støttar seg til ulike kunnskapskjelder, der òg praktisk skjønn inngår. Funna i denne rapporten er ei slik kunnskapskjelde, og vi ser fram til at praktikarane i kriminalomsorga og opplæringa i kriminalomsorga kan bruka dei. Som forskarar har vi berre avgrensa kompetansen med tanke på å detaljert fortelja korleis funna skal omsetjast til praksis. Dette veit praktikarane i kriminalomsorga og opplæringa i kriminalomsorga betre. Vi vonar likevel at dei generelle råda våre på dei neste sidene kan vera til hjelp.

Opplæringa må ta omsyn til variasjonen i innsette sin utdanningsbakgrunn

- Undersøkingane våre viser at utdanningsnivået blant innsette, som blant folket elles, stig jamt. Dei som sonar er heller ikkje ei einsarta gruppe. Sjølv om det klare fleirtalet av dei har ein bakgrunn prega av samansette vanskar og mangel på utdanning, er det også fengsla personar med eit tidlegare ordna liv og fullførd utdanning på både vidaregåande nivå og høgare. Dette inneber at opplæringa i kriminalomsorga må ta omsyn til stigande utdanning i populasjonen straffedømde og til variasjonen mellom dei som sonar. Dei generelle råda våre tek også omsyn til desse forholda.

Fleire innsette må få høve til å delta i opplæringa

- Det er ikkje samsvar mellom prosenten innsette som ønskjer å ta utdanning i fengsel (73) og dei som held på med det (43). I tillegg har prosenten som deltek gått klart ned frå 2012 til 2015 (frå 54 til 43). Vi har drøfta at det er fleire

ulike forklaringar på dette siste. Det viktige er no å få opp prosenten deltakarar på minst 2012-nivå. Det kan ein oppnå ved å gjera noko med dei institusjonelle hindra for å ta utdanning i fengsel som vi har rapportert (Manger mfl., 2016). Dette inneber at større tilgang på programvare og internettløyningar må gjera opplæringa meir attraktiv og meir samanliknbar med utdanning og opplæring i samfunnet elles. Det har vore særleg stor nedgang i talet på innsette utan noko utdanning som deltek i opplæringa, og dette må endrast, til dømes gjennom korte kurs som er tilpassa denne gruppa. Denne gruppa har særleg høg risiko for å gjera nye brotsverk, og det er svært viktig at dei møter eit fagmiljø som både viser omsorg for dei og stiller krav til dei.

Betre tilrettelegging for høgare utdanning i fengsel

- Rapporten viser at talet på innsette som har studiekompetanse eller som allereie tatt fag eller grad på universitet eller høgskule aukar jamt. I fleire tidlegare rapportar har vi peika på at dette krev at det må bli lettare å ta universitets- og høgskuleutdanning under soning. Det inneber at det må bli betre høve til å studera under permisjon og lagt betre til rette for sjølvstudium under rettleiing i fengsel. Sjølv om ikkje fengsel kan tilby høgare utdanning, hjelper mange fengsel og einskildpersonar innsette som studerer. Dette er i tråd med oppmodinga i stortingsmelding 37 (2007-2008), *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn*, om «å leggja til rette» for høgare utdanning. Det er likevel behov for betre og meir systematiske løysingar gjennom eit tettare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og fengsla. Blant dei som tek utdanning i fengsel, er dei under høgare utdanning minst nøgde med opplæringa og rådgevinga dei får. Dette tilseier også at det bør vera eit betre samarbeid mellom fengsel og høgare utdanningsinstitusjonar.

Kort soningstid må ikkje vera hinder for opplæring

- Mange innsette svarar at kort soningstid er ein grunn for at dei ikkje deltek i opplæringa i kriminalomsorga (Manger mfl., 2016). Det er særleg viktig at dei med kort soningstid, som ofte er unge, ikkje opplever soning som eit nytt brot i utdanning. I tilsvarande rapport frå undersøkinga i 2012 skreiv vi at for denne gruppa må det leggjast til rette for korte, arbeidskvalifiserande kurs som gir kompetanse. Det må utformast planar som motiverer til vidare utdanning og opplæring, under og etter avslutta soning (Eikeland mfl., 2013). Dette gjeld i minst like stor grad i dag.

Kvaliteten på dei korte kursa må betrast

- Det var i 2009 og 2012 ein auke i talet på korte kurs, men no opplever vi ein nedgang. Ein del av meininga med slike kurs var å imøtekomma dei innsette som ikkje ville i gang med ei lengre utdanning. Resultata i 2015 viser òg at dei som tek korte kurs skårar lågare på motivasjon for utdanning og høgare på amotivasjon (dvs. at dei manglar heilt motivasjon) enn dei som tek vidaregåande opplæring (Manger mfl., 2016). Nedgangen i deltaking og den låge

motivasjonen for slike kurs kan nok hengja saman med at mange av dei korte kursa ikkje er kompetansegivande. Det kan òg ha å gjera med at innhaldet i desse kursa ikkje er interessant nok. I så fall må opplæringa i kriminalomsorga organisera fleire interessante, kortare kurs som gir kompetanse for arbeidslivet.

Innsette med lærevanskar må få hjelp

- Endringane frå tidlegare undersøkingar i talet på innsette som har lærevanskar er små. Noko anna er ikkje å venta. Det er likevel ein høg prosent som sjølvrapporterer at dei har større eller mindre vanskar. Difor er det svært viktig at vanskane blir registrerte og at tida i fengsel blir nytta til å gi innsette hjelp med vanskane. Tidlegare undersøkingar (Samuelsson mfl., 2000; Asbjørnsen mfl., 2014) viser at lesevanskane først og fremst kan vera miljø- og erfaringsbaserte. Difor må fengsla tilby god tilgang til lesetrening, gjennom til dømes gode bibliotektenester og aktiv oppmuntring til lesing.

Innsatsen for å få dei som har sona i utdanning eller i arbeid må samordnast

- Rapporten viser at dei innsette sine planar etter avslutta soning særleg er knytt til det å halda fram i tidlegare yrke eller få seg arbeid. Mange har òg ønske om å halda fram med utdanning eller ta til med utdanning. Slike planar samsvarer med det vi i same undersøkinga rapporterer om dei innsette sin motivasjon for å ta utdanning: Dei ønskjer å auka kompetansen sin med tanke på å få seg arbeid og eit anna liv (Manger mfl., 2016). I samband med avslutta soning og individuelle framtidsplanar, er det difor svært viktig at kriminalomsorga og opplæringa i kriminalomsorga samordnar innsatsen sin med instansar utanfor fengsel (utdanningssystemet og NAV). Eit slikt samarbeid og ei samordning av tenestene er i tråd med budskapet i Melding til Stortinget (2015-2016) - *Fra utenforskap til ny sjanse. Samordnet innsats for voksnes læring* - som handlar om utanforskap. Det heiter i meldinga at målet er at det einiskilde menneske skal ha kompetanse som dannar stabil og varig tilknytning til arbeidslivet. Difor må det leggjast vekt på, seier meldinga vidare, at det blir utvikla ein samordna og heilskapleg politikk for vaksne med lite utdanning, svak grunnleggjande dugleik eller ikkje godkjent kompetanse.

Appendiks

Spørjeskjema brukt i 2015-undersøkinga

Til deg som får dette spørreskjemaet

Dette spørreskjemaet handler om jobberfaring, utdanning og ferdigheter. Det blir også stilt spørsmål om din bakgrunn og forhold som kan virke inn på læring og valg av utdanning.

Skjemaet går til innsatte over 18 år som er norske statsborgere, men skal besvares både av de som holder på med opplæring i fengslet og de som ikke gjør det. Undersøkelsen er i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Denne avdelingen har nasjonalt ansvar for opplæringen innen kriminalomsorgen - etter oppdrag fra Kunnskapsdepartementet. Universitetet i Bergen er ansvarlig for gjennomføringen av selve undersøkelsen.

Personer som sitter i fengsel har samme rett til opplæring som alle andre i samfunnet. Opplæringen i fengsel skal bygge på best mulig kunnskap. Forskning om dette er derfor nødvendig, ikke minst for at innsatte skal få den opplæringen som de trenger og har rett på.

Det er frivillig å svare på skjemaet og du kan når som helst og uten å oppgi grunn trekke deg fra undersøkelsen. Dette får ikke konsekvenser for dine forhold under gjennomføringen av straffen eller varetekten. Vi håper likevel at du vil være med. Høy svarprosent er viktig for at innsatte skal få sine rettigheter til utdanning ivare tatt og for at planleggingen av utdanning under og etter straffegjennomføringen skal bli god.

Ansatte kan hjelpe deg med utfyllingen av skjemaet hvis du ønsker det.

Undersøkelsen er forskriftsmessig meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS. Du skal ikke skrive navnet ditt på skjemaet. Et nummer for fengslet du er i påføres en konvolutt med alle svarene fra ditt fengsel. Dette gjøres for å få kunnskap om opplæringen i det enkelte fengsel. Forskeren som behandler skjemaene har taushetsplikt, og alt behandles konfidensielt. Det skal skrives rapporter og artikler basert på alle svarene. Ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes i det som skrives. Skjemaene blir makulert ved prosjektslutt, 31. desember, 2017.

Du skal svare på de fleste spørsmålene ved å krysse av i den ruten eller de rutene som passer best for deg.

Takk for god og svært nyttig hjelp!

Vennlig hilsen
Arve Asbjørnsen og Terje Manger
prosjektledere

Noen spørsmål om hvem du er:

1. I hvilket år ble du født?

I 19.....

2. Kjønn:

Mann.....

Kvinne.....

3. Hva er ditt fengslingsgrunnlag? (Sett kryss.)

Dom.....

Forvaring.....

Bot.....

Varetekt, før dom.....

Varetekt, har anket dom.....

Hvis du er i varetekt før dom, gå da direkte til spørsmål 6.

4. Hvor lang dom har du nå? (Sett kryss.)

3 måneder eller kortere.....

Mer enn 3, til og med 6 måneder.....

Mer enn 6 måneder, til og med 1 år.....

Mer enn 1, til og med 2 år.....

Mer enn 2, til og med 3 år.....

Mer enn 3, til og med 4 år.....

Mer enn 4, til og med 5 år.....

Mer enn 5, til og med 6 år.....

Mer enn 6, til og med 7 år.....

Mer enn 7, til og med 8 år.....

Mer enn 8, til og med 9 år.....

Mer enn 9, til og med 10 år.....

Mer enn 10 år.....

5. Hvor mye av denne dommen har du til nå gjennomført?

Jeg har nettopp startet gjennomføring av

straffen.....

Kortere enn en tredjedel.....

Over en tredjedel, kortere enn to tredjedeler.....

Over to tredjedeler.....

6. Har du tidligere vært domfelt?

Nei, aldri.....

Ja, 1-2 ganger.....

Ja, 3 eller flere ganger.....

Utdanning og arbeid

7. Hva er den høyeste utdanning du har fullført?

(OBS: Fagbrev og å ha gått i lære inngår i videregående opplæring. Fagskole er yrkesrettet opplæring som bygger på videregående opplæring.)
(Sett kryss.)

Jeg har ikke fullført noen utdanning.....

10-årig grunnskole eller kortere.....

1 år videregående opplæring.....

2 år videregående opplæring.....

Har fullført videregående opplæring.....

Fagskoleutdanning.....

Enkeltfag på universitet eller høyskole.....

Gradsutdanning på universitet eller høyskole.....

8. Har du fullført noen av utdanningene i spørsmål 7 mens du har vært i fengsel?

Ja.....

Nei.....

Nei, men jeg deltar i utdanning/opplæring nå.....

Nei, jeg har deltatt, men har sluttet.....

9. Hvor mange timer per uke bruker du på ulike aktiviteter i fengslet under gjennomføringen av straffen? (Sett ett kryss for hver linje.)

	Deltar ikke	1-6 timer	7-15 timer	16-25 timer	Mer enn 25 timer
Jobb eller arbeidsdrift	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skole/opplæring/kurs	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Program	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Annen aktivitet på dagtid	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

10. Deltar du nå mens du er i fengsel i noen av utdanningene/opplæringene som er ført opp nedenfor? (OBS: Fagbrev og å gå i lære inngår i videregående opplæring. Fagskole er yrkesopplæring som bygger på videregående opplæring.) (Sett kryss.)

Nei, jeg deltar ikke i noen utd./opplæring.....

Grunnskole.....

Videregående opplæring, Vg 1.....

Videregående opplæring, Vg 2.....

Videregående opplæring, Vg 3.....

Fagskoleutdanning.....

Universitets- eller høyskoleutdanning.....

Korte kurs.....

11. Hvilken utdanning/opplæring ønsker du å ta nå mens du er i fengsel? (OBS: Fagbrev og å gå i lære inngår i videregående opplæring. Fagskole er yrkesopplæring som bygger på videregående opplæring.) (Sett kryss.)

Jeg ønsker ikke opplæring i fengslet.....

Grunnskole.....

Videregående opplæring, Vg 1.....

Videregående opplæring, Vg 2.....

Videregående opplæring, Vg 3.....

Fagskoleutdanning.....

Universitets- eller høyskoleutdanning.....

Korte kurs.....

12. Hvis du ønsker videregående opplæring (se spørsmål 11), hvilken type ønsker du?

Studieforbereende program (allmennfaglig)

Yrkesfaglig program (medregnet lære/fagbrev)

13. Rådgiving om opplæring og utdanning i fengslet.

	Helt enig	Litt enig	Usikker	Litt uenig	Helt uenig
Jeg får den rådgivningen som jeg trenger	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

14. Undervisning og opplæring i fengslet. (Gjelder bare deg som holder på med utdanning/opplæring i fengsel.)

	Helt enig	Litt enig	Usikker	Litt uenig	Helt uenig
Jeg er fornøyd med opplæringen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Spørsmål 15 gjelder bare deg som *ikke* deltar i opplæring/utdanning i fengslet nå. Du som deltar i opplæring/utdanning hopper over dette. Skjemaet fortsetter for alle med spørsmål 16 på neste side.

15. Grunner til å ikke delta i opplæring/utdanning. Hvor godt stemmer hvert utsagn for deg?

(Sett ett kryss for hvert utsagn.)

	Stemmer helt	Stemmer godt	Stemmer litt	Stemmer ikke i det hele tatt
a. Jeg venter på plass	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
b. Tilbudet som jeg er interessert i finnes ikke	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
c. Jeg får ikke nok informasjon om utdanning/opplæring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
d. Jeg forstår ikke informasjonen som blir gitt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
e. Jeg vil heller jobbe	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
f. Jeg har nok utdanning/opplæring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
g. Jeg føler meg for gammel	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
h. Det er vanskelig å kombinere jobb og skole	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
i. Opplæringsforholdene er for dårlige	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
j. Straffegjennomføringen avsluttes før jeg får fullført utdanningen/opplæringen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
k. Jeg er ikke interessert	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
l. Jeg har fått råd fra ansatte i fengslet om å ikke ta utdanning/opplæring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
m. Overføring under gjennomføring av straffen gjør det vanskelig å ta utdanning/opplæring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
n. Jeg har store vansker med lesing og skriving	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
o. Det er vanskelig å konsentrere seg i fengslet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
p. Å ta utdanning/opplæring er ikke bryet verd	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
q. Jeg har store vansker med regning eller matematikk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
r. Det er mangelfull tilgang på programvare og internett	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
s. Jeg har fått råd fra andre innsatte om å ikke ta utdanning/opplæring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
t. Jeg er for syk til å ta utdanning/opplæring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
u. Utdanning/opplæring vil ikke være til hjelp for meg etter gjennomført straff	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Om ferdigheter

(Sett ett kryss på hver linje i spørsmål 16 og 17.)

16. Hvordan vil du beskrive dine ferdigheter?

	Svært svake	Svake	Middels	Gode	Svært gode
Lesing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skriving	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Regning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Data (IKT)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Muntlig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

17. Opplever du vansker med lesing, skriving eller regning?

	Ja, i svært stor grad	Ja, i noen grad	Ja, men bare litt	Nei, ikke i det hele tatt
Lesing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skriving	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Regning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Om det å mestre skolearbeid, lesing, skriving, regning og data.

18. Uansett om du holder på med opplæring i fengslet eller ikke ber vi om at du på en skala fra 0 til 10 graderer hvor sikker du er på at du kan klare det som er beskrevet i utsagnene under. 0 betyr "Kan ikke i det hele tatt" og 10 betyr "Kan helt sikkert", slik dette er vist i linjen nedenfor her. Tallet som beskriver hvor sikker du er, skal du skrive i ruten bak hvert utsagn.

Kan ikke i det hele tatt

Kan halvveis

Kan helt sikkert

0.....1.....2.....3.....4.....5.....6.....7.....8.....9.....10

a. Lese lærebøker		i. Skrive ordene riktig på grunnlag av hvordan de blir uttalt	
b. Lese aviser		j. Bøye ord riktig i entall og flertall	
c. Lese romaner		k. Løse oppgaver der du må legge sammen eller trekke fra	
d. Ta notater i en skoletime		l. Løse ligninger	
e. Lage ukeplaner for skolearbeid		m. Regne ut rentekostnader ved lån	
f. Fullføre skolearbeid til tidsfrister		n. Bruke søkemotor (f.eks. Google) for å søke etter opplysninger	
g. Skrive brev til en bekjent		o. Bruke regneark på datamaskin	
h. Skrive et sammendrag av en bok som du har lest		p. Laste ned og installere program på en datamaskin	

19. Dysleksi er vanskeligheter med å lese og skrive hos personer som 1) gjør det OK på andre områder i livet og 2) har hatt sjansen til å lære å lese, men har ikke vært i stand til å lære det slik som andre. Mener du at du har slike vansker?

Nei.....

Ja, til en viss grad.....

Ja, helt klart.....

20. Har du fått diagnosen lese- og skrivevansker eller dysleksi?

Ja, som barn.....

Ja, som voksen.....

Nei, aldri.....

21. Har du fått diagnosen regne- eller matematikkvansker (dyskalkuli)?

Ja, som barn.....

Ja, som voksen.....

Nei, aldri.....

22. Har du noen gang fått diagnosen ADHD?

Ja, som barn.....

Ja, som voksen.....

Nei, aldri.....

23. Hadde du eller dine foreldre kontakt med barnevernet under din oppvekst?

Ja.....

Nei.....

24. Hva slags arbeid har du hatt før fengslingen? (Flere kryss mulig.)

Jeg har ikke hatt arbeid

Ufaglært arbeid

Fagarbeid

Arbeid som krever høyere utdanning

Selvstendig næringsdrivende

Hjemme som forelder

Annet (skriv hva).....

25. Hva er dine planer eller ønsker etter løslatelsen? (Sett ett kryss.)

Jeg har ingen planer eller ønsker.....

Fortsette i jobben/yrket jeg hadde før

fengslingen.....

Fortsette utdanningen jeg har påbegynt.....

Begynne på utdanning/kurs.....

Skaffe meg jobb.....

Gå videre til neste side!

Lesing, skrivning og konsentrasjon

26. Vi ber deg svare på hvor ofte du gjør eller opplever følgende. (Sett ett kryss for hver linje.)

		Aldri	Sjelden	Noen ganger	Ofte	Svært ofte
a.	Hvor ofte må du lese i løpet av dagens gjøremål?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
b.	Jeg finner det vanskelig å lese ord jeg ikke har sett før	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
c.	Jeg finner det vanskelig å lese høyt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
d.	Jeg leter etter riktig ord når jeg snakker	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
e.	Jeg blander sammen eller tar feil av navn på gjenstander	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
f.	Jeg tar feil av høyre og venstre	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
g.	Jeg har problemer med å legge tidsplaner	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
h.	Hvor ofte må du skrive i løpet av dagens gjøremål?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
i.	Hvor ofte har du problemer med å avslutte en oppgave etter at de interessante delene er unnagjort?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
j.	Hvor ofte er det vanskelig for deg å få orden på ting når du skal utføre en oppgave som krever organisering?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
k.	Hvor ofte har du problemer med å huske avtaler eller forpliktelser?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
l.	Når du har en oppgave som krever at du tenker nøye igjennom det du skal gjøre, hvor ofte unngår eller utsetter du å begynne på den?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
m.	Hvor ofte sitter du og fikler med noe når du må sitte lenge i ro?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
n.	Hvor ofte føler du deg overdrevet aktiv og tvunget til å gjøre noe, som om du var drevet av en indre motor?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Siste siden gjelder bare deg som *nå deltar* i opplæring eller utdanning i fengslet.

27. Grunner til å ta utdanning/opplæring i fengsel. Bruk skalaen under. I ruten bak hvert utsagn skriver du det tallet som passer med grunnen til at du tar utdanning/opplæring i fengsel.

Passer ikke i det hele tatt	Passer litt	Passer delvis	Passer godt	Passer helt		
1	2	3	4	5	6	7

Hvorfor tar du utdanning eller opplæring i fengsel?

a. Fordi jeg trenger dokumentasjon på utdanning for å få en godt betalt jobb senere	
b. Fordi jeg opplever glede og tilfredsstillelse når jeg lærer nye ting	
c. Fordi jeg tror utdanning vil forberede meg bedre på den yrkesveien jeg har valgt	
d. Ærlig talt, jeg vet ikke; jeg føler virkelig at jeg kaster bort tiden på utdanning	
e. For å bevise for meg selv at jeg er i stand til å fullføre en utdanning	
f. For å få en mer prestisjefylt jobb senere	
g. For gleden jeg opplever ved å oppdage nye ting jeg aldri har visst om før	
h. Fordi det endelig vil gjøre meg i stand til å komme inn på arbeidsmarkedet på et felt jeg liker	
i. En gang hadde jeg gode grunner for å ta utdanning, men nå er jeg i tvil om jeg skal fortsette	
j. Fordi det å lykkes i utdanning får meg til å føle meg viktig	
k. Fordi jeg vil ha et bedre liv senere	
l. For gleden jeg opplever ved å utvide kunnskapen min i fag jeg liker	
m. Fordi det vil hjelpe meg til å ta et bedre valg når det gjelder yrkesvei	
n. Jeg skjønner ikke hvorfor jeg tar utdanning, og ærlig talt bryr jeg meg ikke det minste	
o. For å vise meg selv at jeg er en intelligent person	
p. For å få bedre lønn senere	
q. Fordi utdanningen gir meg mulighet til å fortsette å lære om mange ting som interesserer meg	
r. Fordi jeg tror at utdanningen vil forbedre arbeidskompetansen min	
s. Jeg vet ikke; jeg forstår ikke hva jeg gjør på skolen	
t. Fordi jeg ønsker å vise meg selv at jeg kan lykkes i utdanningen min	

Litteraturreferansar

- Asbjørnsen, A. E., Jones, L. Ø. & Manger, T. (2007). *Innsatte i Bergen fengsel. Delrapport 2: Lesevaner, leseerfaringer og leseferdigheter*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Asbjørnsen, A., Manger, T. & Jones, L. (2007). *Leseferdigheter og lesevaner blant innsatte i Bergen fengsel. Delrapport 1: Leseferdigheter blant innsatte*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Asbjørnsen, A., Manger, T., Jones, L. Ø. & Eikeland, O. J. (2014) Norske innsatte: Lesevansker og oppmerksomhetsvansker. *Opplæring innanfor kriminalomsorga*. Bergen, Fylkesmannen i Hordaland.
- Christie, N. (1970). *Modeller for fengselsorganisasjonen. I stedet for fengsel*. Oslo: Pax.
- Claesson, S. & Dahlgren, H. (2002). *Att studera i fängelse. Utvärdering av klientutbildning inom kriminalvården*. Rapport 6. Kriminalvårdens forskningskommitté.
- Davis, L.M., Steele, J.L., Bozick, R., Williams, M.V., Turner, S., Miles, J.N.V., Saunders, J. og Steinberg, P.S. (2014). *How effective is correctional education, and where do we go from here? The results of a comprehensive evaluation*. Washington: Rand Corporation.
- Edwards-Willey, T.L. & Chivers, N. (2005). Perceptions of inmate-students' ability to succeed. *Journal of Correctional Education*, 56, 65-86.
- Eikeland, O.J. & Manger, T. (2004). *Innsatte i norske fengsel: Utdanning og utdanningsønske*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Eikeland, O.J., Manger, T. & Diseth, Å. (2006). *Innsatte i norske fengsel: Utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring*. Bergen. Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Eikeland, O.J., Manger, T. & Asbjørnsen, A. (Eds.) (2009). *Education in Nordic Prisons. Prisoners' educational backgrounds, preferences and motivation*. Copenhagen: Nordic Council of Ministers.
- Eikeland, O.J., Manger, T. & Asbjørnsen, A. (2010). *Innsatte i norske fengsel: Kompetanse gjennom utdanning og arbeid*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Eikeland, O.J., Manger, T. & Asbjørnsen, A. (2013). *Nordmenn i fengsel: Utdanning, arbeid og kompetanse*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Gee, J. (2006). Education in rural county jails: Need versus opportunity. *Journal of Correctional Education*, 57, 312-325.

- Gröning, L. (2015). Education for foreign inmates in Norwegian prisons: A legal and humanitarian perspective. *Bergen Journal of Criminal Law and Criminal Justice*, 2, 164-188.
- Langelid, T. (2015). *Bot og betring? Fengselsundervisninga si historie i Noreg*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Lindberg, O. (2005). *Kvinnorna på Hinseberg. En studie av kvinnors vilkor i fängelse*. Rapport 14. Kriminalvårdens forskningskomiteè.
- Manger, T., Eikeland, O.J. og Asbjørnsen, A. (2016). *Norske innsette: Utdanningsmotivasjon og hinder for utdanning i fengsel*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Moeller, M., Day, S. L. & Rivera, B. D. (2004). How is education perceived on the inside? A preliminary study of adult males in a correctional setting. *Journal of Correctional Education*, 55, 40-59.
- Samuelsson, S., Gustavsson, A., Herkner, B., & Lundberg, I. (2000). Is the Frequency of Dyslexic Problems among Prison Inmates Higher than in a Normal Population? *Reading and Writing*, 13 (3-4), 297-312.
- Skarðhamar, T. (2013). *Straffegjennomføring med elektronisk kontroll i Norge. Konsekvenser for straffedes sysselsetting*. Rapport 14. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- SSB (2016), Statistikkbanken, juli 2016. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- St. meld. nr. 27 (2004-2005). *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*. Oslo: Utdannings- og forskningsdepartementet.
- St.meld.nr. 37 (2007-2008). *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* (kriminalomsorgsmelding). Oslo: Justis- og politidepartementet.



Statens hus
Utdanningsavdelinga

Besøksadresse
Kaigaten 9, NO-5020 Bergen

Postadresse
Postboks 7310, 5020 BERGEN

Telefon: +47 55 57 20 00
Telefaks: +47 55 57 20 09

E-post
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Web
www.fylkesmannen.no/hordaland
www.oppikrim.no